

ISFLAKET

Polarmagasin frå Ishavsmuseet. Nr. 1– 2015 17. årgang kr. 70,-



Leiar:

Selfangsten ved eit vendepunkt?

Det har vore drive selfangst langs kysten vår i fleire tusen år. Dei første som slo seg ned ute i havgapet langs ein langstrakt kyst gjorde truleg dette nettopp for den lette tilgangen til, og store førekomenst som det var av sel. Selen var lett å fange og gav mykje næringsrik mat til eit veksande kystfolk, sjølv om det truleg var feittet som var det viktigaste, også den tida. Feittet fra selen var viktigaste kjelde for oppvarming av både telta i steinalderen, og dei første hus som kom opp langs med kysten. Ei god kjelde til lys var det også. Den rike tilgangen på spekk var viktig for at kystfolket kunne bo der ute også vinterstid.

Seinare måtte selfangaren over store hav for å sikre same tilgangen. I nyare tid kom Noreg med i selfangsten med nokre turar frå 1790 av. Det var handelsmann Buck som stod bak desse første turane, men først i 1819 kom starten på det vi kan kalle ein kontinuerleg selfangst frå Noreg. Sven Foyn kom med i selfangsten frå 1846, Tromsø kom snart etter og frå 1898 var sunnmøringane også kome med. Det var no det for alvor vart satsa på selfangsten. Sunnmøringane forstod raskt at skulle ein få lønsemdu ut av fangsten måtte ein i gang med å bygge spesialskuter til selfangsten.

Frå 1910 av vaks det fram ein stor flåte med selfangstskuter spesialbygde for selfangst. Det vaks fram ei stor ny næring som fekk stor økonomisk betydning for heile landet. I Ishavsmuseet sitt fartyregister er det registrert 472 skuter som har gått på selfangst frå Noreg. Legg ein til kva desse skutene har hatt bruk for av utstyr, reperasjonar osv. er det ikkje vanskeleg å sjå kor viktig næringa har vore.

I toppåret 1925 fanga Noreg 400.000 sel. I 1970 var talet 163.000, og ti år etter var det kome ned i 60.000 sel. I 1990 var same talet 15.000 sel, og i 2014 var det fanga knappe 12.000 sel. Sjølvsagt var det i periodar ei overbeskatting på sel, og over tid fekk næringa dårleg rykte og kom under kraftig press frå mange kantar. Dyrevernorganisasjonar verda over gjorde seg gode pengar på å gå i protest mot Norsk og

Kanadisk selfangst. Men hadde næringa fortent dette dårlege rykte? Neppe. Alle som har vore på ishavet veit at sel vert avliva på ein human og god måte. I dag vert selen avliva tre gongar. Først vert det skoten, så slått med hakapiken, for til slutt og verte blodtappa straks.

Slutt på selfangsten?

Regjeringa Solberg har bomma, og gir truleg etter for press frå EU og ekstreme dyrevernalarar, og avviklar norsk selfangst når dei no kuttar all støtte til denne tradisjonsrike næringa. Det blir då vanskeleg å drive vidare. Vi har ein unik selfangst-tradisjon som med eit pennestrøk er i ferd med å bli nedlagd. Det som er minst like urovekkande er at regjeringa samstundes bidreg til å fjerne det store kompetansemiljøet på drift i arktiske strøk.

I budsjettet 2015 er heile støtta til Norsk selfangst borte. I 2014 var støtta på 12 millionar kroner. Selfangstnæringa har siste åra vore driva med 80% statsstøtte, og vert den fjerna er det klart konsekvensane vert store. Det er lite truverdig at det skal vere nasjonaløkonomiske grunnar til å kutte all støtte til selfangst, i eit land som flymmer over av pengar.

-Ein absurd skuffelse

Dette var orda til selentusiast og innehavar av Polargodt i Tjørvåg, Arnfinn Karlsen, då nyhenda om kutta til selfangsten vart kjend. Karlsen har bygd opp eit komplett og flott anlegg for mottak av selprodukt. I dag det einaste godkjende anlegget i Noreg for mottak av sel.

Karlsen seier at det beste nok hadde vore at støtta hadde blitt redusert til 50% statsstøtte. Dette ville ha ført til meir kreativitet og utvikling av nye produkt. Selnæringa er avhengig av at kvaliteten vert auka i alle ledd. Karlsen seier vidare at det er stor marknad for selskinn, spesielt i Austen. Han er godt i gang med å produsere spanande produkt av fangsten på 4100 sel som han tok i mot frå «Havsel» i 2014.

Den største verdien ligg nok i seloljen som er eit fantastisk og ettertrakta produkt i helsekostmarknaden.

Seloljen har vist oppsiktsvekkande gode resultat i fleire medisinske studiar. No har Kina også

begynt å etterspør selolje, og her er marknaden enorm.

Produkt av sel er ein fantastisk ressurs. Ikkje noko anna dyr kan måle seg med ein perfekt steikt og saftig selbiff! På Ishavsmuseet har vi med jamne mellomrom selkjøt på menyen. Dette kan vere både til turistbussar, under polarkveldar og høgtidssame samankomstar. Dette er selkjøt i ulike former, men mest populær er nok stuerten si gryte med biffstrimlar av sel. «Omega 3 i brun saus», som ein tidligare selfangar sa det.

Selfangstskipper Bjørne Kvernmo på «Havsel» har nyst vore på Ishavsmuseet og helde foredrag. Han fortel at det alt i dag vert drive med små lønningar og idealisme.

Vår sterke oppmading må vere å få attende støtta til norsk selfangst. Og den må vere stor nok til at både selfangar, reiarlag og mottak kan overleve og føre dei rike tradisjonane vidare. Det fortener ei så stolt og viktig næring. Fødselsoverskotet av sel er enormt. Bestanden er i sterk auke, og årleg reknar ein med at det i Vestisen vert fødd om lag 80-90.000 sel. I 2014 fanga tre skuter 11.980 sel samla.

Isflaket har i denne utgåva med ein artikkel fra Mariann Mathisen om «Monumenter over selfangst», ein flott artikkel om «Polsjerna» og «Aarvak», to fartøy som i dag begge er komne på museum og minner om selfangstnæringa si store tid.

La oss alle håpe at det ikkje vert slutt med dette. Nye generasjonar treng også stolte selfangrarar. Vi treng å vidareføre ein utdøyande kunnskap om eit stolt og viktig yrke, ved å årvisst sende ishavsskuter på fangst. Vi treng å beskatte selbestanden på rett måte, og vi treng dei fantastiske produkta som sel kan gje oss. Ikkje minst treng vi at regjeringa legg til rette for at entusiastar som Bjørne Kvernmo og Arnfinn Karlsen kan fange og forvalte selen med trygge økonomiske rammer.

God fangst!

Brandal 26. februar 2015
Webjørn Landmark
redaktør

Innhald

Monumenter over selfangst	side 4
Ishavsskipper Benoni Mikalsen	side 10
Lillemor blar i minneboka	side 16
Frå samlingane	side 21
Kven var først på Nordpolen?	side 22
Frå arkivet –Mine første turer	side 27
17. mai feiring i Kvitsjøen	side 36
Nytt frå Ishavsmuseet	side 39
Vert heidra med statue	side 40
Dagbok Sydøst-Grønland	side 43
Rapport frå Polarstar	side 55
Plukkfangst	side 58
Småstubba – Dynamitten	side 59

ISFLAKET

Polarmagasin utgitt av Ishavsmuseet og Ishavsmuseets Venner.

Adresse: Ishavsmuseet, Brandalsvegen 28,
6062 Brandal

Tlf. resepsjon 700 92 004 Tlf. kontor
700 92 900, mob 95 11 76 44

Redaksjon: Webjørn Landmark, redaktør
webjorn@ishavsmuseet.no

Opplag 800. Årskontingent / abonnement kr.
250,- fritt tilsendt. Bedrifter kr. 500,-

www.ishavsmuseet.no

www.ishavsvener.net

www.facebook.no/aarvak

Forsidefoto: «Harmoni» og «Polstjerna». Foto
Arne Bjørge

ISSN 1891-9480

Monumenter over selfangst

Av Mariann Mathisen

Mariann Mathisen er stipendiat i historie ved UIT Det arktiske universitetet. Hennes fagområde er nordnorsk kystkultur på 1800-tallet med spesialisering på kystfiske, ishavsfangst, etnisitet og båttradisjoner.

Det står to fartøy på land som monumenter over norsk selfangst, et i Brandal og et i Tromsø. «Aarvak» bygd i 1912, er godt over 30 år eldre enn «Polstjerna», som ble sjøsatt i 1949. Mens «Aarvak» er en av de tidlige skutene i Brandal, er «Polstjerna» resultat av mange generasjoner med fangst fra Tromsø. De representerer til sammen en viktig del av 1900-tallets norske selfangsthistorie. Men starten var lenge før det, i Hammerfest.

Ishavsfangsten i Nord-Norge fremstår ofte som en naturlig konsekvens av nærheten til Ishavet og Arktis. Slik var det imidlertid ikke. Da pomorskuta «Samonju» kastet loss i Hammerfest i 1819 med Ishavet som mål, var det gjort noen forsøk tidligere.

I 1778 forsøkte handelsmann Buck å få til en fangsttur til Spitsbergen med den lille jakta «Forellen», men de måtte snu på grunn av isforholdene.

I 1790, året etter Hammerfest fikk status som kjøpstads, kjøpte Bucks tre sønner et av den danske kongens hvalfangstfartøy i København. Fartøyet, som fikk navnet «De trende brødre», ble fylt med handelsvarer og samtidig klargjort for ishavsfangst.

Skipper og mannskap ble leid i København, et av knutepunktene til den europeiske ishavsfangsten, utviklet i perioden 1600-1800. «De trende brødre» losset varer i Hammerfest og i Kjøllefjord hvor de tok om bord åtte nye mann, både samer og nordmenn. Utbyttet ble imidlertid ikke så bra, så etter noen forsøk stoppet det opp igjen.

Utviklingen av den europeiske ishavsfangsten fra 1600-tallet var tett knyttet sammen med handelsekspansjonen på verdenshavene. På denne måten var det mulig å finansiere den enormt kapitalkrevende fangstaktiviteten. Selv om det kunne føre til svært stor avkastning, gikk det ikke alltid bra, og da var det de som evnet å omdisponere som overlevde.

Dette er en viktig bakgrunn for at de første forsøkene i Hammerfest ikke fortsatte. Det krevde enorme pengesummer å utruste fartøy og mannskap og god tåleevne når det ikke gikk som forventet. Først i 1819 ser man starten på en kontinuerlig fangstaktivitet fra Norge til Arktis med Hammerfest som hjemmehavn.



M/S «Polstjerna» ble bygd i 1949 og har vært brukt i 33 fangstsesonger. Til sammen har hun ført hjem over 97 000 sel fra Vestisen og Østisen. Foto: Ragnar Thorseth

Hammerfest ble i økende grad, framover mot 1850, et interessant sted for handelsmenn som så mot de nordlige ressursene.

Hit kom flere med skippererfaring og fikk skipperborgerskap. Blant annet fra Arendal og Tønsberg, en av dem var Peder Michelsen som Sven Foyn ble med en sesong.

Foyn hadde allerede godt med egenkapital, og var ikke interessert i å drive i samme skala som man gjorde fra Hammerfest. Hans historie er stort sett velkjent, han fikk bygd ishavsskuter over lignende lest som de skotske, med opptil 60 mann om bord.

Disse kjempesterke skutene kostet mer enn statsbudsjettet å ruste ut, noe som forteller om dimensjonen på fangstaktiviteten. Foyn satset på fangst i Vestisen, mens i nord var det Bjørnøya, Svalbard og etter hvert Østisen som ble de viktigste fangstområdene. Tromsø kom med etter hvert, og rundt 1850 var det et livskraftig fangstmiljø også her.

Spesielt gjennom andre halvdel av 1800-tallet inngikk ishavsskipperne i nord som isloser på nesten enhver skute som vendte nesen mot Arktis.



Selfangstskuta «Aarvak» var i drift sammenhengende fra 1912 til 1981. Etter 69 år var tida over for treskutene. Nå er hun i dokk som kulturminne ved det nye Ishavsmuseet i Brandal, sørvest for Ålesund.

Om det var ekspedisjoner for å nå polpunktene, med vitenskapelige formål, eller turister på søker etter naturopplevelser, var Hammerfest og Tromsø stedene.

Her kunne man leie fangstskuter, skaffe viktig utstyr og ikke minst, den essensielle ishavskompetansen.

Fartøytypene var varierte, i starten tok man i bruk russiske pomorskuter, men etter hvert ble det slupper og jakter, såkalte ishavsjakter som ble det vanligste. Det ble etablert skipsverft i Hammerfest i 1841 og Tromsø i 1848. Det ble likevel ingen omfattende byggeaktivitet, noen skuter ble bygd, men på grunn av mangel på kapital, drev verftene i all hovedsak reparasjoner og ombygginger.

En av de mest kjente ishavsskutene fra nord er «Gjøa». Hun ble kjøpt opp etter et forlis i Lofoten, ombygd til fangst og gikk i cirka 18 sesonger på Ishavet.

Størrelsesmessig representerer hun de nordnorske ishavsskutene i andre halvdel av 1800-tallet. De manøvrerbare jaktene synes å ha fungerte godt i isfarvann. Likevel, ser man på hvor mange sesonger de samme skutene overlevde, vitner det om menn som evnet å benytte disse egenskapene til fulle. De nordnorske ishavsskutene seilte ifølge Adolf E. Nordenskiöld Karahavet på kryss og tvers. Dette var kartlegginger som var til stor hjelp når han satte kursen østover med gjennomseiling av Nordøstpassasjen som mål i 1878.

Ishavsfangsten foregikk parallelt med de polare eventyrene og disse aktivitetene ble mer og mer sammenvevd.

Da Fridtjof Nansen og Hjalmar Johansen ankom Vardø, spredte nyheten seg den 14. august 1897, og en feiring uten sidestykke tok til. Seks dager senere, mens Nansen og Johansen var på tur til Tromsø, tikket det inn et telegram fra Skjervøy om at «Fram» var ankommet i løpet av natta.

Den allerede påbegynte feiringen fikk en umiddelbar ekstra omdreining. Sørgående hurtigrute snudde for å gå «Fram» i møte og ishavsbyen, som ble regnet som porten til Arktis, skjønt å mobilisere.

Om bord i «Fram» var jo også tre menn fra byen; Theodor Jakobsen, Peter Henriksen og Bernt Bentsen.

I Tromsø bys historie av Nils A. Ytreberg omtales festmiddagen som en parademarsj av forbindelser mellom Nansen, Ishavet, fangstmennene, vikingferd og vikingnatur. Hyllest av Nansen ble på mange måter også en hyllest av Nord-Norges fangstmiljø.


Her visste man hva Ishavet var, og Nansen uttalte de bevingede ord om at vikingferd og vikingnatur det fant man nok av nettopp her: «Jeg sikter til alle de kjekke og dristige ishavsskippere som fra Tromsø, Hammerfest og Vardø år etter år ligger oppe i Ishavet med sine små fartøyer.

De utfører bedrifter likeså store, ja måske større enn de vi har utført». Skålen ble rettet til Elling Carlsen, hedersgjest fra ishavsskipperne. På denne måten ble ishavskulturen i Nord-Norge nært sammenvevd med den polare ekspedisjonshistorien.

Det var samme år, på Finnmarksfiske i 1897, at Severin Brandal fra Sunnmøre så en selfanger kom inn med last fra Kvitsjøen. Da var det nærmere 80 år siden den kontinuerlige fangsten startet i Hammerfest.

En tur til Vestisen med de små skutene «Minna» og «Sleipner» skulle legge grunnlaget for den vestnorske fangsten. Selve fangsten gikk dårlig, men av en eller annen grunn fant de på å ta en tur over til Grønland.

Dette resulterte i en utstilling i Ålesund, og en historiefortelling om drama i isen, bjørnejakt og opplevelser som evnet å gjøre Vestisen og Grønland til det mest aktuelle samtaleemne på Sunnmøre på det tidspunktet. Nansens polare helteglorie bidro også her, da han noen år senere besøkte Ålesund og tok en prat med skipperne. Her ble etter hvert fangstaktiviteten omfattende



Severin Brandal 1847-1934. Foto
Ishavsmuseets arkiv.

med et rikt kunnskapsmiljø som senere skapte noen av de mest moderne selfangstfartøyene bygd i Norge.

Fartøyene

«Fram» blir ofte fremstilt som den sterkeste ishavsskuta noensinne, men hun dukket ikke opp fra ingenting. De skotske byggetradisjonene, som man også kunne se i Sven Foyn sine skuter, dannet med stor sannsynlighet grunnlag for den spesialtilpasningen Colin Archer og Fridtjov Nansen gjorde i «Fram».

Archer hadde da også en slekning som jobbet på et verft i Skottland. Beskrivelser av slike omfattende forsterkninger kan man finne blant annet i William Scoresby sine bøker om arktisk hvalfangst. Foyn sine skuter fra midten av 1800-tallet og utover, var slike sterkygde skuter som fangstet i Vestisen. Men det var helt andre skuter som skulle dominere fangsten utover 1900-tallets Norge.

I nord hadde ishavsjaktene dominert, men i Brandal startet man allerede i 1911 å bestille de

første spesialbygde skutene. Kristian Dekke i Bergen leverte noen av dem, blant annet «Aarvak».



«Aarvak» i isen.

Første verdenskrig bidro til en enorm etterspørsel etter ishavssprodukter, et behov brandalingene svarte på. De vestnorske fartøyene baserte seg på dampmaskiner og var større enn nordnorske ishavsskuter flest. Nordpå gikk man over til motor og tok i bruk de nye fiskebåtene, kutterne, som fangstskuter. Kutternes fasong kan ikke sies å ha vært spesielt velegnet i isen, på tross av spesialforsterkninger og tykk ishud. De rette skutesidene og den skarpe baugen, gjorde at båtene lett kom i klem i isskruinga. Og det var nettopp dette Halvdan Jakobsen var opptatt av da han skulle bygge seg ei ny skute.

Et av forbildene til «Polstjerna» var «Veslekari», en av de tre skutene som Johannes Alme kaller «state of the art». «Veslekari» var fra samme verft som «Maud», i Vollen i Asker. «Quest» (Foca I) var bygd på Lindstøl i Risør og «Polarbjørn» i Narvik.

Disse skutene ble på grunn av deres størrelse, skrogfasong og kvalitet driftet i fangst og leid inn til utallige ekspedisjoner til etter annen verdenskrig. Halvdan reiste til Sørlandet for å ta snakke med båtbyggeren som hadde levert noen fiskefartøy med krysserhekk, noe som fortsatt var uvanlig i Nord-Norge etter krigen.

Historien om byggeprosessen er mesterlig fortalt av Torstein Arisholm i boka Vi skù prøve nåkka nytt.



«Polstjerna».

Til vanns og til lands – og på museum med

Bortsett fra «Fram» og vikingskipene, har ikke fartøy hatt æren av å komme på land i Norge. Gjennom utviklingen av fartøyvernet har fokuset på båten i bruk lenge gjort det uaktuelt å støtte landsetting av fartøy økonomisk. De to ishavsskutene inngår i en annen tradisjon, den polare.

Gjennom tilknytningen til Arktis har skutene fått en annen aura, de er verdige et liv på land. Også Hammerfest har forsøkt dette, med MS «Vestis» landsatt, men ikke ivaretatt med glassoverbygg.



«Vestis» på land i Hammerfest. Foto: Magnus Sefland.

«Aarvak» var i drift sammenhengende fra 1912 til 1981, som var siste tur på fangst. Tida var over for treskutene. Lokale krefter i Brandal og Hareid ønsket å få henne bevart, og samme året overtok Ishavsmuseet henne med sikte på historieformidling.

Hun ble brukt i til forskjellig rundt om på Sunnmøre, men utpå 1990-tallet ble utfordringene med å vedlikeholde skuta større og større. «Aarvak» seilte sin siste seilas i 1995 og i 1998 måtte avgjørelsen tas – til vanns eller til lands? Riksantikvaren tilbød en million kroner for å få henne landsatt, og hun ble satt i dokk ved det nye Ishavsmuseet i Brandal. Vernebygget ble åpnet juni 2009.



*Vernebygget over «Aarvak» vart opna i 2009.
Foto: Sigrid Jönsson*

Historien til «Polstjerna» er noenlunde parallel. Hun gikk sin siste tur i isfarvann i 1986. Da hadde hun blant annet vært brukt i isbjørnforskning ved Svalbard. Hun ble en del av fartøyvernet fra 1995 og ble brukt til turer med turister i området rundt Tromsø.

I 2000 gikk alle sertifikater ut og samme avgjørelse måtte tas, skulle hun settes på land?



*Overbygget til «Polstjerna» var ferdig i 2005.
Foto: Beate Holstad.*

Med miljøverndepartementets velsignelse fikk også «Polstjerna» flytte på land ved Polaria og Norsk Polarinstittut med et tilskudd på 750 000 kroner i 2003.

«Polstjerna» ble løftet på land i stor grad ved hjelp av sin skipper og skapers økonomiske innsats. Halvdan Jakobsen mente det ikke var meningsfylt å begynne å endre skuta gjennom omfattende restaureringer. Skroget er i stor grad originalt og slik ville han, Arktisk Forening og Polstjernas venner at det skulle fortsette å være.



«Polstjerna» i hus. Foto: Johannes Alme

Overbygget var ferdig i 2005 og åpnet som et slags museum 17.mai. På grunn av driftsvansker fusjonerte Stiftelsen M/S «Polstjerna» og

Polarmuseet i Tromsø med Tromsø Museum Universitetsmuseet i 2010.

Selfangstens betydning i Tromsø og Brandal kan vanskelig overvurderes. På samme måte som langs kysten ellers, var havet gutter og menns arena.

Her var imidlertid Arktis og Ishavet i stor grad hovedsaken. Kystkulturen på disse stedene fikk en spesialisering som gav andre og helt spesielle erfaringer og ferdigheter. De to fartøyene står som monumenter og gir mening både materielt og symbolisk i denne snart 200 år lange historiske erfaringen.

Fakta

«**Aarvak**» var 90 fot lang, 21.6 fot bred, 10.6 fot dyp. Bygd hos Kristian Dekke i Bergen i 1912 med skrog i krysserfasong og med dampmaskin på 74 ihk. Skuta har vært gjennom mange ombygninger og måler nå 112.8 fot lang, 22.8 fot bred, 10.5 fot dyp.

«**Polstjerna**» er 95 fot lang, 22 fot bred og 11,6 fot dyp. Bygd ved Moens Båtbyggeri, Knut Christensen & Co med krysserhekk og en 300 hk Crossley. Styrhuset er skiftet, mens skroget ellers er bevart.

Kilder:

www.ishavsmuseet.no

<http://uit.no/polarmuseet>

<http://isbjornklubben.no/galleri-2/hammerfest-historie>

Ishavsfolk si erfaring, Johannes Bjarne Alme, Tapir akademiske forlag 2009/Ishavsmuseet 2014.

Vi sku` prøve nåkka nytt – ishavsfartøyet M/S «**Polstjerna**» Torstein Arisholm, Norsk Sjøfartsmuseum 2003.

«**Polarskuta «Fram» - den fjortende deltaker?**» Mariann Mathisen i Ottar 5:2011, Tromsø Museum Universitetsmuseet.

«M/S «**Polstjerna**» til vanns, til lands, og på museum», Mariann Mathisen. I Museologi på norsk. Universitetsmuseenes gjøren. Anita Maurstad og Marit Anne Hauan (red) Akademika Forlag 2012.

Plukkfangst:

Roald Amundsens Expedition og Budgetkomiteen.

Flertallet i Stortingets budgetkomite, Brevig, Alfr. Eriksen, Holsen, Lindstøl og Tveiten – gaar ikke med på den af forrige regjering foreslaaede bevilgning af 30.000 kroner som bridrag til lønninger for «Frams» besætning under Roald Amundsens polarexpedition, mod at de andre nødvendige 30.000 skaffes ad privat vei. Mindretallet bestaar af Throne Holst, Formanden Konow H, Lothe og Meinich.

(Norges Sjøfartstidende 10. mars 1910)

Den første nordover.

Sandefjord, 3. mars

Den første sælfanger til at gaa nordover herfra iaar drog idagmorges. Det Var «**Hertha**», tilhørende A/S Oceana, disponent Virik, «**Hertha**» føres iaar, av kaptein Endresen.

(Norges Sjøfartstidende 10. mars 1910)

Viktig jubilant

9. februar i år var det 95 år sidan Svalbardtraktaten vart inngått. Traktaten som slår fast at Noreg har det «fulle og uinskrenkede høihetsrett» over Svalbard med Bjørnøya, var ratifisert av Nederland, Storbritannia, Danmark, USA, Italia, Frankrike, Sverige, Noreg og Japan. Sovjet-Russland ratifiserte traktaten i 1935, og i 2006 var den ratifisert av 39 land. Traktaten tredde i kraft 14. august 1925, og gjev inbbyggjarane i alle signaturland høve til å bosetje seg og drive næring, jakt og fiske på øygruppa.

(Svalbardposten 13. februar 2015)

Ishavsskipper Benoni Jørginius Mikalsen (1855-1917)

Av Gunnar Heltne

Oppvekst

Benoni Jørginius Mikalsen vart fødd på Smevikaunet på Marøya ved Nærøysundet i Nærøy i Nord-Trøndelag 22. april 1855, men flytte allereie som 4 månader liten gut saman med mora si til Ytre Kvarøya i Lurøy på Helgeland i Nordland.

Benoni Jørginius var son av Sigrid Nilsdotter (f. 1832), frå Siem i Eid i Romsdal, og Mikal Olsen.

Sigrid Nilsdotter var ugift då Benoni vart fødd, men gifte seg på Ytre Kvarøya med Andreas Jacobsen Bye (f. 1799) frå Lurøy.

Benoni Jørginius vaks opp på Ytre Kvarøya, saman med mora og stefaren.

I juli 1874 flytte Benoni frå Ytre Kvarøya til mora sine heimtrakter i Romsdal, før han noko seinare drog til sjøs. Jf. Digitalarkivet.



Benoni Jørginius Mikalsen 1855-1917.
Bildet er levert av Sigrid Humblen.

Ekteskap og etablering i Ålesund

23. november 1881 gifte Benoni Jørginius Mikalsen seg i Ålesund med Imbjør Johnsdotter Skalet (1853-1932) frå husmannsplassen Skalet på garden Nigard Bu i Bredebygden i Sel i Gudbrandsdalen.

Imbjør var dotter av John Johannesson Solhjemslien (f. 1824) og Marit Syversdotter Søre Buflåten (f. 1824), begge frå Bredebygden i Sel.

Imbjør vaks opp i ein syskjenflokk på 9 (5 gutter og 4 jenter).

Av familien på 11 drog 6 til Spring Valley i Minnesota i USA på 1880-talet (foreldre og 4 born).

Før amerikareisa døydde 3 av borna unge, medan Imbjør og systera Marit (1857-1903) vart verande i Norge. Marit gifte seg i 1883 i Trondheim, og vart mor til 8 born. Marit og familien hennar var busette i Trondheim.

Plassen Skalet, som låg brattlendt til i fjellsida ovanfor garden Nigard Bu, vart endeleg fråflytta i 1887. I år 2011 synte berre overgrodde tufter att av husa på Skalet.

Benoni Jørginius og Imbjør (Ingeborg) var busette i Ålesund frå 1881 til 1895.

Dei fekk følgjande 3 born saman: Sigurd Bye (1882-1951), Ingeborg Emilie (1887-1957) og Bernhard Jørginius (1891-1942).

Ein årsak til at Imbjør og Benoni møttest kan ha å gjere med at Imbjør sin bror, Ola (f. 1859), i 1881 var tenestedreng på den staden i Romsdal der Benoni då budde.

Imbjør fekk for øvrig utflyttingsattest til Amerika 15. mars 1881, men då ho møtte Benoni seinare på året vart emigrasjonsplanane kansellerte.

Jf. Digitalarkivet og jf. Bredebygden lokalhistoriske selskap.

Etablering i Volda

I 1895 fekk Benoni Jørginius Mikalsen skøyte på bruk nummer 10 Sollida (Antonplassen) på Heltne i Volda, og busette seg der med familien sin.

Seinare har bruk nummer 10 på Heltne vorte kalla Mikalsenplassen, etter familien Mikalsen.



Imbjør Johnsdotter Skalet 1853-1932.

Bildet er levert av Sigrid Humblen.

Mikalsenplassen vart overtatt av Volda kommune i 1972, for at arealet skulle verte inkludert i det planlagde kommunale byggefeltet. Kort tid etter overtakinga vart løda på eideomen brent. Bustadhuset på Mikalsenplassen vart reve om lag eit år etter dette.

Dei to eldste borna til Benoni og Imbjør gifta seg og fekk born. Yngstemann, Berhard Jørginius, emigrerte til California i USA i 1917.

Han var fortfarande ugift då han døydde i Los Angeles i 1942.


Jf. Det norske Utvandrersenteret i Stavanger. Eldsteguten, Sigurd Bye, vart gift to gonger, sidan den fyrste kona døydde ung. Sigurd Bye og familien hans budde i Ålesund, Volda, Bergen og Kongsberg.

Sigurd Bye vart totalt far til 4 born, ein son og ei dotter i kvart ekteskap.

Han var maskinist og sigla ute under begge verdskrigane. For dette vart han dekorert med ”St. Olavsmedaljen i sølv med ekeløv”.

Sigurd Bye Mikalsen mottok også ”Gullnål med 3 diamantar” frå ”Norsk Selskab for Skibbrudnes Redning” (NSSR), ”for rask optræden ved redning av menneskeliv 31.05.1922”.

Benoni og Imbjør sitt tredje barn, Ingeborg Emilie, vart gift i Ålesund og etablerte seg der med ektemann og 3 born (2 døtre og 1 son). Jf. Finn Mikalsen og jf. Sigrid Humblen, begge oldeborn av Benoni og Imbjør.



Bnr. 10 Mikalsenplassen på Heltne i Volda.

Foto: Nor flyselskap AS, 1954.

Bildet er kopiert frå Johan Ottesen sitt fotoarkiv.


Ishavsskipper Benoni Jørginius Mikalsen

Benoni Jørginius Mikalsen var skipper av yrke og var i fleire år førar av ishavsskutene ”William Martin” og ”Nevada”, som begge dreiv kvalfangst (bottlenosefangst) på ishavet.

”William Martin” var ein slupp-galeas som vart bygd i Hull i England i 1877, med følgjande mål: 73,6 fot lang, 20,8 fot brei og 10,2 fot djup. Skuta vart kjøpt til Volda frå London ved årsskiftet 1891/1892. Selskapet ”AS William”, v/Julius Olsen, i Volda sto som fyrste eigar.

Seinare overtok andre eigarar i Voldaområdet før skuta vart sold i 1902 til partseigarlaget P.L. Skjeide i Ålesund.

I 1914 gjekk kvalfangstskuta "William Martin" gjennom ei total ombygging til selfangstskute og fekk etter det namnet "Skansen".



«Skansen» ved kai i Ålesund. Foto fra Ishavsmuseets arkiv.

"Nevada" var ein skonnert som vart bygd i Amerika i 1884, med følgjande mål:


73,5 fot lang, 21 fot brei og 8,5 fot djup.

Skuta vart kjøpt frå Amerika til Bergen, og frå Bergen vart skuta kjøpt til Ålesund av "Kr. Ingebrigtsen A/S". "Nevada" vart bygt om i Ålesund i 1899.

Jf. Johan Ottesen ogjf. Knut Maaseide.

Frå slutten av 1880-talet vokst det på Sunnmøre fram ein heil flote som fangsta bottlenose (kval) i Nordishavet. Det var mange som sette sine voner til bottlenosefangsten, som for det meste vart driven frå Kap Langanes på Island til Færøyane, frå midten av april til slutten av juli. Det var kvalolja som gav inntekta, og ein bottlenose gav i gjennomsnitt bortimot eitt tonn olje.

Deltakinga i fangsten skifta. I 1891 var det tre sunnmørsskuter som dreiv bottlenosefangst, og i 1903 deltok følgjande 13 sunnmørsskuter: "William Martin", "Alfa", "Onyx", "Sylphide", "Nevada", "Heim", "Delphin", "Britania", "Urania", "Sella", "Leif Eriksen", "Martha" og "Skirner".



«Heim». Foto fra Ishavsmuseets arkiv.

I åra som følgde heldt talet på deltakande sunnmørsskuter på bottlenosefangst seg kring 10-15. Etter fyrste verdskriga minka deltakinga i dei etterfølgjande åra.

Også skuter frå andre delar av landet dreiv med bottlenosefangst i ishavet på denne tida, mellom anna skuter frå Vestfold.

Jf. boka "Ishavsskuter II" (2000) av Johan Ottesen.

Benoni Jørginius Mikalsen var fleire turar på ishavet som skipper på bottlenosefangst, fram til om lag 1915.

Han kan ha vore ishavsskipper på fleire skuter enn "William Martin" og "Nevada", men det kjenner ikkje skribenten til.

Då eg var 10 år, under oppveksten min i Porsgrunn sommaren 1965, fekk vi vitjing frå Volda av farmora og farfaren min.

Under ein samtale mellom farfar og far og morfar og ein svoger av morfaren min, der eg var til stades, vende farfar, John S. Heltne (1895-1966), seg til far og meg og sa: "Det er eigentleg eit lite mirakel at dokke to eksisterer!" Deretter fortalte han om ei særskild episode då han som 15-åring var med på kvalfangst (bottlenosefangst) på ishavet, med naboen Benoni Mikalsen som skipper.

Han hadde klatra høgt opp i leideren for å ordne med storseglet, medan det var vind med orkan styrke. Plutseleg vart han teken av eit vindkast og slengd ut i lause lufta.

I fallet fekk han tak i eit stag med den eine handa, og hang ei kort stund horisontalt ut i lufta som ein kjepp. Deretter klatra han ned att på dekk.

Det er ikkje kjend at farfar har fortald denne historia til andre i familien sin.

Episoda er eitt av særsla mange ulike kvardagsdrama som har hende mellom dei som har hatt sitt arbeid på havet.

Farfar fortalte også at dei i stilt ver rodde for å finne kval. Det hende at dei rodde så langt ut at dei ikkje hadde augekontakt med "Nevada". Dei hadde då skyteutstyr med i robåten.

Eg visste ikkje den gongen at skuta farfar var med som 15-åring i 1910, heitte "Nevada". At det var skuta "Nevada" det var snakk om fekk eg fyrst stadfesta då eg lytta til eit lydbandopptak med Henrik Holsvik (1884-1986) på Austefjord Museum i 2010. På lydbandopptaket fortalte Henrik Holsvik, som var med på fleire turar på bottlenosefangst på ishavet, at den siste turen hans på bottlenosefangst var med skuta "Nevada" i 1910, med Benoni Mikalsen som skipper. Våren 1910 vart farfar 15 år.

På Austefjord Museum finst ein modell av skonnerten "Nevada", laga av Andreas Årsetøy. Bakgrunnen for det er at mange frå mannskapsstyrken til "Nevada", på byrjinga av 1900-talet, kom frå Austefjorden. Jf. Oddvar Høydalsvik.

Eit foto frå 1910 av "Nevada", fortøyd ved Molovegen i Ålesund, er å finne i arkivet til Aalesunds Museum. Jf. Einar Gustafson.

Bruk nummer 10 Mikalsenplassen var nærmeste nabo til bruk nummer 11 Grønbakken på Heltne, der farfar voks opp. Farfar hadde i periodar mykje og god kontakt med folka på Mikalsenplassen, særleg med Benoni og med sonen Sigurd.

Benoni hadde tydelegvis god tru på at farfar skulle bli ein bra sjømann, for han skal ein gong ha uttalt til farfar sin far at han skulle gjere farfar til "verdas beste skipper".

At både farfar og Benoni sin eldste son, Sigurd, valde maskinistyrket i staden for skipperyret, til liks med fleire av kameratane deira, er ei anna historie.



"Nevada", med kvitt skrog, ved kai ved Molovegen i Ålesund i 1910.

Bildet er levert av Aalesunds Museum v/Einar Gustafson.

Dei to nabane og maskinistane på Heltne, Sigurd og John, vart gode kompisar, sjølv om det var 13 års aldersskilnad mellom dei.

Den dramatiske skipsulukka på Vartdalsfjorden 27. februar 1917

Frå 1916 til 1917 var Benoni Mikalsen skipper på skuta "Stella Maris", som var bygd som ein "lystyacht" i Wivenhoe i England i 1878. "Stella Maris", som hadde ei lengd på 78,6 fot, ei breidd på 16,8 fot og ei djupne på 10,5 fot, var utstyrt med segl og ein 60 hk motor, og vart kjøpt til Norge frå London i 1911. Jf. boka "Båtar i Hareid" (2009) av Johan Ottesen, der "Stella Maris" er avbilda.

I 1916 kom "Stella Maris", som lokalt var sagt å vere ei svært så staseleg skute, til Hjørungavåg. Båten kom ikkje til å verte nytta som "lystyacht" for eigaren Olaf Thoresen Nedreliid. Derimot

vart "Stella Maris" nytta som losjiskip for anleggssarbeidarane då området til kollageret i Hjørungavåg skulle planerast.

Seinare i 1916 vart skuta selt til "Brørne Mårstøls tønnefabrikk" i Åmelfot i Dalsfjorden. Tønnefabrikken hadde vorte etablert i 1915.

Jf. boka "Båtar med historie" (2011) av Johan Ottesen.

"Stella Maris", som tyder "havstjerna", vart av tønnefabrikken nytta til å frakte råmaterialar til fabrikken, og til å føre ferdige tønner derifrå. Den vanlege mannskapsstorleiken om bord var 3 mann, og skuta hadde ikkje rorhus.

27. februar 1917 kl. 1830 sigla "Stella Maris" frå O. Nørve sin forretning i Ålesund med kurs for tønnefabrikken i Åmelfot, lasta med standard trelast og tønneband av jarn.

Kl. 2030 sigla "Stella Maris" i Vartdalsfjorden, mellom Nøre og Søre Vartdal, med 7 mils fart og vart pågått av det langt større nordgåande dampskipet "Aagot" av Drammen. I kollisjonsaugneblinken sto Knut Vassbakke (f. 1895) til rors. 4 minutt tidlegare avløyste han skipper Benoni Mikalsen, som fram til då hadde stått til rors.

Under avløysinga sa Benoni Mikalsen: "Eg ser lanternene av eit party, men det er so langt til styrbord at du kan halde stø kurs".


Mikalsen skal visstnok også ha sagt, då han oppdaga det store dampskipet: "Hald god avstand. Dei tek ikkje omsyn"!

Under avløysinga styrde "Stella Maris" i retning mot Yksnøy fyrlykt.

Skipper Mikalsen gjekk deretter ned i lugaren for å ta seg ei kaffipause.

Kort tid etter avløysinga endra dampskipet "Aagot" kursen til styrbord og kom så nær "Stella Maris" at rormann Vassbakke tok hardt babord, noko som han vurderte til å vere einaste måte å forsøke å unngå samanstøyt på.

Ein augneblink etter kolliderte dei to skipa. Attarste delen av "Stella Maris", der motoren var, gjekk til botnar med ein gong, medan fremste delen heldt seg flytande i om lag eitt minutt. "Aagot" treftet "Stella Maris" på styrbord side, like bak mesanmasta. Korkje "Aagot" eller "Stella Maris" signalerte forut for kollisjonen.



"Stella Maris". Bildet er henta frå boka "Båtar i Hareid" (2009) av Johan Ottesen.

Dei som var om bord i "Stella Maris" denne dagen var: Skipper Benoni Mikalsen (f. 1855), reiar Ragnvald Mårstøl (f. 1891), maskinist Elias Mårstøl (f. 1897) – bror av reiaren, Knut Vassbakke (f. 1895) og Steinar Steinsvik (f. 1895).

I kollisjonsaugneblinken var Benoni Mikalsen forut i sin lugar medan Ragnvald Mårstøl, Steinar Steinsvik og Elias Mårstøl var på styrbord side i salongen, foran maskinromet. Benoni Mikalsen, Ragnvald Mårstøl og Steinar Steinsvik omkom og vart aldri funne.

Knut Vassbakke og Elias Mårstøl vart plukka opp av dampskipet "Aagot". Elias Mårstøl var symjedyktig, medan Knut Vassbakke ikkje kunne symje. Knut Vassbakke hadde imidlertid på seg redningsvest og flaut på den. Jf. avisene "Møre" og "Sunnmørsposten", februar og mars 1917, og boka "Båtar i Hareid" (2009).

Elias Mårstøl, som oppheldt seg i salongen i kollisjonsaugneblinken, har fortalt at han umiddelbart etter kollisjonen vart skylt opp gjennom nedgangen til salongen, og berga livet på det viset.

Då presten Johannes Barstad kom til Mikalsenplassen dagen etter ulukka, med dødsbodskapen, vart han møtt av Benoni si kone, Imbjør, som då skal ha sagt til han at han ikkje trengde å seie noko, fordi ho visste kva som hadde hend.

I løpet av natta skulle ho nemleg ha hatt eit "syn" der ho såg for seg Benoni i kvite klede, og ho skjøna av dette at han var omkommen.

Imbjør skal også ha fortald at hunden på Mikalsenplassen plutselig skal ha vorte voldsomt uroleg og støyande nettopp på den tida på kvelden då ulukka i Vartdalsfjorden hende. Denne siste hendinga er kanskje mellom dei mange døma som stadfestar at dyra har andre og sterkare sansar enn menneskja.

P O L A R B O K A

ISHAVSFOLK SI ERFARING

Boka om is, isens menn, storm og forlis. I denne boka er det kunnskap om farane i isen som blir formidla, og det er fangstfolka sjølve som fortel. Framstillinga er basert på eit omfattande og grundig arbeid med å dokumentere historia til dei som hadde ishavet som arbeidsplass frå om lag 1900 og heilt fram til i dag.

**Spør etter boka i din lokale bokhandel,
eller bestill den frå Ishavsmuseet
på Brandal.**

Kr. 398,-

Nettbokhandel: www.ishavsmuseet.no • Tlf. 700 92 004

Lillemor Brandal blar i minneboka

Av Beathe Holstad

Aslaug «Lillemor» Brandal vart med ishavsskuta «Polarsel» på ekspedisjon til Aust-Grønland i 1958. Ein ekspedisjon i regi av Norsk Polarinstitutt, der dei skal innom dei norske stasjonane. Det var eventyrlyst som gjorde at ho vart med på turen, saman med ektemann og skipper, Ottar Brandal. Lillemor har nemnt denne turen til meg før, men no hadde eg lyst å høre meir, og inviterte ho til ein prat over ein kopp kaffi på Ishavsmuseet.

Avreisedato var torsdag 24. juli. Dei gjekk frå Hareid i regnvær kl. 10.00 føremiddag, var innom Ålesund, og gjekk derifrå kl. halv eitt. Dei hadde bra vær på heile overseglinga, men Lillemor fortel at ho vart litt sjøsjuk første kvelden, men at det gjekk bra fort over. Overseglinga til Jan Mayen tok fire dagar. På turen skreiv Lillemor dagbok kvar dag, og fredag 25. juli skreiv ho «*Fremdeles litt sjøsjuk, følt så denne skuta ruller!*»

Før kurset vert sett for Grønland skulle dei også innom Jan Mayen.

Frå dagboka, mandag 28. juli: «Tåke, stille og fint. Det lyser av sol og snø på toppene. Lenger nede i fjellet ligger tåka. Klokka halv ni startar dei med å ro småbåten til land. En fin rotur. Sliving, Ottar og meg, foruten to av mannskapet. Landingen gikk fint og på stranda sto 5 mann for å møte oss. Det er så fint på Jan i dag. Stille – tåke.»

Vi hadde med utstyr og proviant til dei på Jan Mayen. Det var en hjertelig mottakelse på værstasjonen med kaffi og kaker. Sjefen viste oss rundt alle stadar på stasjonen, også innom grisehuset der dei hadde fire fine grisungar. Dei skulle verte julesteik.

Eg var i grunnen litt forundra over kor reint og pent dei hadde det. Dette var på den gamle



Lillemor og Ottar Brandal på Ishavsmuseet februar 2015.

værstasjonen. Den nye stasjonen er på andre sida av øya. Det var nye folk på stasjonen, bortsett frå ein mann som hadde vore der i eit år, og no begynt på andre året. På Jan Mayen var der ikkje grønt gras, kun noko gul mose med blomster. Vi skreiv ei helsing i gjesteboka før vi reiste ut til «Polarsel» igjen.

Etter Jan Mayen besøket gjekk ferda vidare mot Grønland. Seint ettermiddag neste dag var det heilt blikk stille. Det var sol og eit nydelig syn, då vi såg fjella på Grønland. Kvitt med snø og is og opne råker, stille sjø og sol. Det var det om dagen, og også om natta. Eit fantastisk syn. Vi såg bjørnespor på isen, men bjørn såg vi ikkje noko av.

Onsdag 30. juli: Is og etter is, utpå formiddagen titter solen frem. Du og du for et syn. Sol og helt stille med store råker i isen der skuten går med full fart. Dette er noe av det mest fredfulle og nydeligste jeg har opplevd.

Lillemor fortel at dei no vidare vart liggande faste i isen i 12 dagar. Vêret er fint, og isen er tjukk. Mannskapet prøver å skyte med dynamitt, det var voldsomt til bråk, men det hjelpte lite. Vi kunne gå på tur på isen desse døgna mens vi låg faste.

Det var lyst heile tida med midnattssol. Fantastisk flott, seier Lillemor. Ottar og eg var mange turar på isen, opptil 2-3 km kunne vi gå på isen rundt skuta. Vi måtte ha med gevær naturlegvis.



«Polarsel» på Grønland.

Vi måtte vere forsiktig, sjå oss godt omkring for kvar isknuler som var der, for på andre sida kunne der ligge isbjørn. Men isen opna seg sjølv til slutt. Men då var vi komne mange mil lenger sør.

31. juli: Sol og stille, ligger fast i isen. Satt mest framme i lugaren og strikket. Våknet kl. ½ 2 av at skuta låg helt skjev. Isskruing kaller de det, «nifst» synes eg.

Lillemor seier at noko dramatikk var der ikkje på turen inn, bortsett frå då isen brått pressa skuta noko voldsamt. Det var midt på natta. Ottar fauk opp og hadde fått på seg kle på eit augeblikk, men det var ikkje noko dramatikk, sa dei. Det gav seg snart igjen, det var nok ved flo og fjøre-sjø. Så skuta seig på plass igjen på sjøen. Men isen letta opp skuta og la den heilt skeiv, så det vart vanskeleg og ligge i køya.

Søndag 3. august: Maten er like god i dag som elles, men lite minner meg om søndag. Skuta ligger fast. Det er likevel en koselig tur for Ottar

og meg, vi har det koselig saman, og det er godt å kjenne seg trygg hos noen.

Måndag 4. august: Ligg fast. Ottar skaut ein fugl. Eg prøvde tre gongar å løyse skudd, skaut på blink på ei hermetikkboks.

Torsdag 7. august: Vêret uforandra. Nyter finevêret på dekk. Maskinisten lager strikkepinner til meg. De er i tynneste laget, men går fint til sitt bruk.

Fredag 8. august: Dette er ingen ferie, men rett og slett et latmannsliv.

Måndag 11. august: Isen slakker litt i 5-6 tida. Ottar begynner å bauge is i 6-7 tida. Det er noen harde knauser å knekke, men vi kommer da litt fremover.

Det kunne bli lange dagar å berre ligge slik, seier Lillemor, men til slutt kom vi ut i sjøen og gjekk mot Myggbukta som var første stopp. Vi skulle til Kapp Herschell, litt lenger nord, men vi kom ikkje inn der for der var så mykje is.

Så vi gjekk rett til Myggbukta der vi vart tatt godt imot og fekk på land det som skulle opp der.

Vi hadde med oss to telegrafistar som skulle vere der, og dei to som var der skulle heim igjen. Vi fekk middag der med dei, moskussteik med det som høyrer til. Det var i grunnen eit veldig godt kjøt.



Ottar Brandal under fjelltur på Grønland.



Hytta i Myggbukta.

Vi var også på tur opp mot fjellet. Det var litt rart, dei hadde ei bikkje med åtte kvalpar som var omlag tre veker gamle, og bikkja hadde lyst og vere med oss. Så ho gjekk att med oss og to av dei små var med eit stykke.

Det vart nok litt for langt for dei små, så dei stoppa. Bikkja snudde seg eit par gongar for å sjå etter kvalpane. Når vi kom over ein liten bakke så såg vi at det gjekk ein moskus der eit stykke lengre vekke, og då kom bikkja og gjekk ganske nær oss. Vi snudde der. Det var kjekt å sjå, det var første gang eg såg moskus. Det var kjempe fint vær.

Vi var eit par dagar på Myggbukta. Andre kvelden vi var der rodde vi bort til ein holme, og der såg vi på fuglelivet. Det var heilt fantastisk. Det var slik du måtte passe deg, låg reir overalt, og fugleungar som sprang.

Eg hadde på meg ei strikkhue, anorakkhette med for i, og ei skinnhue som dei brukar i isen. Den fekk eg låne av ein i mannskapet om bord, for Ottar måtte ha si sjølv, og enda så var det at du kjente fuglenebba kor dei var ned i hovudet på deg.

Det var litt av eit syn, ikkje slikt som du ser her på våre kantar. Det var ikkje ein meter mellom fuglereira og det var mange ulike artar med fugl.

Når vi reiste frå Myggbukta kursa vi sørover. Vi var innom alle stasjonane som hører til Noreg.

Lenger sør var vi på ein plass eg ikkje huskar namnet på, og der var vi på jakt om natta. Fem

stykke trur eg vi var som gjekk, og det var fleire timar å gå, men der møtte vi på ein stor moskusflokk. Dei la på sprang og det var som eit torebrak.

Vi fekk ein hare og ein moskus der. Vi hadde fått løyve til å skyte to moskusar, for dei var no elles freda. Ulv såg ikkje vi noko av, men vi såg isbjørn ned på isen.

Det var veldig fint vær, og vi hadde det hyggelig om bord så det var veldig kjekt.

Lenger sørover gjekk vi forbi høge isfjell, stille og fint inni fjorden. Det var veldig fint, du hadde ikkje råda til å berre sitte i messa eller vere på lugaren. Naturen er så fantastisk, ikkje det same som her. Klare, fine fargar og klar luft.

Vi var sør til Mestervik, ein liten dansk bygdby med blygruver. Vi vart henta med ein Jeep og for opp på fjellet og til gruvene og såg oss rundt der oppe.

Vi var berre så vidt inne i gruva. Nede på kaia var der store sekkar med bly. Vi hadde ikkje heilt forstand på dette, så vi tok det i hendene. Blyet var som finmalt korn når du hadde det i handa, men dagen etterpå hadde eg slik hovudverk. Det trur eg dei fleste som var bort i blyet hadde, det vart alt for mykje.

Laurdag 16. august: Ankom Mestervig litt over middag, og blir med på land. Her er det heisekraner, lastebiler osv. på kaia. Litt lengre oppe er det oljetanker og noen brakker. Ottar og eg blir med en tur til flyplassen. Vi sitter på en lastebil. En føl skyss, risting så vi må nesten stå i bilen. Ved krysset til flyplassen møter vi en bil som skulle ned å hente oss. En -58 mod Jeep, flott bil. Vi ser oss rundt på flyplassen som er 1800 meter lang. Ottar skal kjøpe noe dynamitt. Det er koselige folk her, og svært dannet disse danskene.

På veg tilbake var vi innom alle dei stasjonane som vi hadde våre innom på veg sørover for å sjå korleis det gjekk med dei som var sett på land.

Så var det opp til Myggbukta igjen. Vi var der eit par dagar, for då var maskinfolka på «Polarsel» på land for å hjelpe til med noko motorgreie som dei ikkje fekk til å virke.

Då også var vi på tur opp mot fjella. Ein dag sat vi inne på hytta i Myggbukta og då hørte vi noko voldsame brak, eg trudde det var nokon som skaut med gevær, vi såg ut og der var ei stor slette opp mot fjella og der var det nokre moskusar, ei 5-6 stykke.

Var nok to hannar som ikkje var heilt einige om kven som var sjef. Dei sprang mot kvarandre og stanga med horna. Det var rett og slett som nokre geværskot. Det var nokre voldsame smellar. Det var spesielt å sjå, eg hadde no ikkje høyrt eller sett noko slikt før.

Måndag 18. august: Er kommet tilbake til Strindberg. Laksefiskerne har hatt en dårlig fangst. Ca 1 tonne pr. mann, berre smålaks. Provianten ligger ennå ved stranden. Fortsetter til Myggbukta, har med 6 hunder, snille dyr alle saman. Om kvelden ser vi 4 bjørner. Moskuskjøtt til middag i dag.

Vi hadde også med hundar frå ein stasjon til ein annan. Det var veldig snille og folkekjære dyr. Eg hadde trudd dei var ville og vanskelege, at du ikkje kunne komme nær dei, men det var ikkje slik. Dei sto i band fram på dekk, og du kunne gå rundt og klappe dei, men ikkje mate dei. Mat måtte alle ha på ein gang eller så blei det svært med kiving.

Torsdag 21. august. Ligger faste i isen. Senderen er gått i stykker, den vil ikke mere. Fire mann arbeider, men utan resultat. Kjøtt og etter kjøtt til middag.

Fredag 22. august: Sol og sommar. Kom tilbake til Myggbukta i dag. Var på land en tur på ettermiddagen.

Tysdag 26. august: Faste i isen. Praier «Polarhav» om kvelden. Alt bra heime. Den ene lysmotoren er gått i stykker i dag.

Måndag 1. september. Isen slakker, får begynne å bauge ut på dagen. Det går fint. Fortsetter dette er vi ute i morgen engang. Bra vær, litt surt.

Tysdag 2. september: Kjenner svake dønninger ved 8-9 tiden om morgenen. Ottar er ekstra smilende når jeg kommer ut av lugaren. Vi er ute av isen og holder på å gjøre sjøklart.

Lørdag 6. september: Vêret er heilt flott. Litt sol av og til. Tåke på kysten. Heime igjen!

Det var lite dramatikk på turen, men fantastisk mykje fin natur. Ein dag på veg tilbake såg vi ein isbjørn med to ungar. Dei kom ganske nær skuta, så vi kunne kaste ut mat bort på isen til dei. Så var der mykje sel. Vi skaut litt sel og hadde til mat. Stuerten laga også sel-kaker som var heilt nydelige.

Eg hadde ikkje noko oppgåve om bord, men eg strauk litt kle. Der var jo litt folk om bord så det kunne no bli nokre skjorter.

Om bord på denne turen var vi 29-30 stk. Vi hadde hus på dekk pluss lugarplassar. Sjølve mannskapet var 12 stk.

På overseglinga frå Grønland til Norge var det fint ver og det gjekk kjempe fint.

Søren Richter var ekspedisjonsledar for denne turen.

FAKTA: Søren Richter

1903 - 1970

Arkeolog. I 1929 dro han til det øde Nordøst-Grønland for å drive arkeologiske utgravninger, og ble senere den første bibliotekaren ved Norsk Polarinstitutt.

Søren Richter ble født i Lier i 1903, men vokste opp i Narvik. Han fullførte gymnaset i Tromsø og studerte videre geografi, historie og arkeologi i Oslo.

I 1929 var han med på Hallvard Devolds ekspedisjon til Øst-Grønland. Richter drev fangst om vinteren og gravde og studerte om sommeren.

Søren Richter deltok på to sommerekspedisjoner i regi av NSIU til Nordøst-Grønland i 1932 og 1933. I 1934 tok han magistergraden i arkeologi.

Han overvintret for Arktisk Næringsdrift på Grønland i 1935-36, 1937-38 og 1939-1940, og tilbragte fem krigsår på Jan Mayen.

I 1946 begynte Richter, som hadde stor kunnskap om polarhistorie, som bibliotekar ved NSIU - i 1948 omdannet til Norsk Polarinstitutt.

1959: Det norske flagget ble firt i Myggbukta av Søren Richter som også hadde vært med på å heise det i 1931.

Det som gjorde mest inntrykk på meg var naturen, det vart fint og lett å gå i fjella, ingen lyng so herka, men mykje Stein, men fint å gå. Strendene var fine med mykje rullestein. Der var mykje vrak av forskjellige båtar som låg der, det var ikkje så veldig fint men det er slik det blir. Vi har reist mykje og i mange land men ein slik Grønlandstur har det ikkje våre makan til. Den roa og den freda som var på Grønland kan ikkje du finne makan til nokon plass. Det kan ikkje samanliknast med noko. Men eg hadde nok gjort det igjen om den sjansen kom. Eg trur nok eg levde lenge på dette etter vi kom heim, utan å vite kor eg hadde kvilt ut rett og slett.

Mannskapsliste M/S Polarsel- ekspedisjonstur 1958, Øst Grønland

Skipper - Ottar Brandal, Hareid
Styrmann - Odd Alme, Brandal
Maskinist - Kåre Sliving, Hareid
Assistent - Harald Øvreliid, Hjørungavåg
Smører - Kolbjørn Nesset, Hareid
Stuert - Erling Holm Karlsen, Innnvik
Kokk - Svein Knobelauck, Hustad
Matros - Kåre Hansen, Frostad
Matros - Odd Røyset, Hareid
Matros - Magnus Rønning, Hatlana
Saloonpike - Aslaug Brandal, Hareid
Passasjer - Martin Pedersen, Ålesund



Polarsel ved iskanten.

Plukkfangst:

Peary i Vanskeligheder

Den amerikanske marinekomites underudvalg har besluttet ikkje at tildele Peary nogen udmærkelse, før han har fremlagt ydeligere beviser for, at han har naaet Nordpolen.

Beslutningen blev fattet saa godt som enstemmig. Medlem av kongressen, Maconi, bidrog meget til dette resultat ved at stille sig skeptisk til Pearys paastande.

Maconi mener, at det, som maa forbause mest i Pearys beretning er det antal engelske mil han paastår at reist hver dag, efter at Bartlett hadde forladt ham, og der ikke længer var nogen hvid mand med ham som vidne.

Hans største dagsreiser fandt ifølge hans beretning alle sammen sted Nord for Bartletts leir. Fra dette punkt paastaar Peary, at han i gjennomsnit har reist 26,4 engelske mil om dagen, indtil han naadde Nordpolen.

Derfra skulde han ha tilbagelagt 44 engelske mil daglig paa veien til bage til Bartletts leir og endelig 24,8 engelske mil om dagen fra Bartletts leir til Columbia.

Den største hurtighed, hvormed han reiste, før Bartlett forlod ham, var 9,6 engelske mil om dagen. Han maatte saaledes ha reist med næsten tre gange saa stor hurtighed fra Bartleys leir til Nordpolen.

Maconi fremhæver, at ifølge Shackletons og andres beretninger maa 10-12 engelske mil om dagen betragtes som det yderste, der kan præsteres ved menneskelig udholdenhed under reiser paa Polarisen.

Sverdrup udtales sig

Kaptein Otto Sverdrup har til bladfolk i New York erklært, at hans tro på Cook er rystet, men ikke helt tilintetgjort. Peary derimod stoltet han paa. Sverdrup vil aflægge et besæg hos Bratley, som har understøttet Cook med penger, og der er mulighed for, at han vil reise til Etah for at tale med Cooks eskimoer.

(Norsk Sjøfartstidende 10. mars 1910).

Teltet til Harald Sverdsten

Teltet som står oppslepe i grønlandsutstillinga ved Ishavsmuseet er eit kvitt hus-telt med plass for to personar.



Innvendig er teltet utstyrt med golv av teltduk, men midt i teltet er det ei opning i golvet med plass for primus. Inngangen i teltet er forma som ein tunell, og på andre sida er der ein mindre «tunell» med omlag 10 - 15 cm. opning, for å kunne stikke geværløpet ut gjennom.

Under overvintringsfangst på Nordaust-Grønland, var det ikkje uvanlig at ein overnattat i telt mens ein var ute for å ettersjå revesellene.


Det er Harald Sverdsten som har vore eigar av teltet. Sverdsten overvintra i fleire periodar på Nordaust-Grønland, første gang i Myggbukta frå 1949-1950, saman med telegrafstyrar Henry Olsen. Harald Sverdsten var marinesoldat og var under krigen fire år i Canada.

Dei kom til Myggbukta med ishavsskuta «Quest» den 3. august 1949.

Dette var første grønlandsovervintring for begge karane. Dei bygde nytt maskinhus dette året, og renoverte ein del av stasjonen. «Sverdsten maler stua lysegrønn. Det blir nå meget fint her, med kridthvite blanke tak, eplegrønne veggjar og for all del elektrisk belysning, som jeg monterer opp», skreiv Stein Sørensen i si dagbok.

Harald Sverdsten forlét Myggbukta den 8. juli for å fiske laks ved Strindbergelva og overta fangsthytta Hoelsbu vinteren 1950-51.

Sverdsten vart åleine på Hoelsbu denne vinteren. I januar 1951 var han uheldig og køyrd sleden, med seg sjølv og ein moskus på, utfør eit stup. Han forstua foten og ryggen og vart sengeliggande i vel tre veker. Han hadde i



ei periode vanskar med å ta vare på seg sjølv og hundane. Men han kom seg til igjen og fanga vidare utover våren.

Då Sverdsten skulle reise heim i 1951, kom ikkje «Polarbjørn» seg inn til stasjonen grunna mykje is. Sverdsten måtte derfor legge igjen sin fangst på vel 100 rev, og ta seg over til Loch Fyne. Her hadde også Sverdsten sin avløysar, Fredrik Sæterdal, blitt satt i land.

Harald Sverdsten kom tilbake til Nordaust-Grønland i 1956, for igjen å drive overvintringsfangst.

Denne gongen frå fangsthytta Moskusheimen. Han skulle vere i to år, og meininga var at «Polarsel» skulle henta han sommaren 1958. Men stor og tett is gjorde at «Polarsel» ikkje kom seg inn til stasjonen dette året.

Sverdsten måtte difor ta ein ny vinter ved stasjonen. Men i 1959 kom «Polarsel» seg inn til Moskusheimen, og Sverdsten vart henta ut den 15. august. Han vart dermed også den siste norske fangstmann på Moskusheimen.

Om bord i «Polarsel» i 1959 var Odd Alme styrmann. Han kjøpte dette teltet, med ein del tilbehør, av Harald Sverdsten og hadde dette med heim til Brandal. Såleis kom dette til Ishavsmuseet med tida.

Ny runde polarkveldar på Ishavsmuseet: **Kven var eigentleg først på Nordpolen?**

Av Webjørn Landmark

Dette var spørsmålet Olav Orheim stilte då han kom til Ishavsmuseet og årets første polarkveld 30. januar. Over 100 personar undra seg på det same og hadde møtt fram i undervisningssalen på museet for å få svaret.

Olav Orheim opna foredraget sitt med å spørje om «ja, kva meiner vi eigentleg med å være først?» Han gav så sjølv svaret: Kome over drivisen og stå på Nordpolen – dette er den klassiske måten. Flyge over, eller til Polen (luftskip, ballong, fly), kome dit med u-båt, rekke fram med isbrytar, eller vere på fast fjell, altså på havbotnen.



*Olav Orheim med foredrag på Ishavsmuseet.
Foto: Stian Runne Brandal.*

Før Orheim kom til ekspedisjonane til sjølve polpunktet hadde han eit kort, men svært interessant tilbakeblikk på nokre av dei første kjende ekspedisjonar nordover.

Dei første ekspedisjonane var drivne av næringsinteresser, og ikkje for berømmelse. Dette gjaldt ikkje minst leitinga etter Nordvestpassasjen.

Henry Hudson (1550-1611) søkte nordvestlig rute til China. (Segla til Svalbard i 1607). Orheim kunne fortelje at Hudson trudde han hadde funne vegen på sin fjerde og siste ekspedisjon i 1610/11.

Hudson gav namn til Hudson-bukta, Hudson-stredet og den kjente Hudson River ved New York.

På si tredje reise i 1609 reiste han i teneste for det hollandsk-ostindiske kompani, og kom til det som i dag er New York. I 1610, på si siste reis, segla han for eit engelsk kompani i leitinga etter ei rute til Kina.

Våren 1611 blei det mytteri om bord. Hudson, son hans og sju andre vart sett i ein liten båt, overlatne til seg sjølve, og sidan har ingen sett dei.

William Baffin og Robert Bylot drog med Discovery i 1616 til Grønland, og vidare nord- og vestover for å finne ein passasje til Østen. Discovery hadde også vore i bruk av Hudson, Button og Bylot på tidligare ekspedisjonar.

På Grønland segla dei opp langs heile austkysten til Smithsundet ved 77° N, og so langt nord hadde ingen segla før. Rekorden skulle stå i 235 år, då den vart slått av Edward Inglefield.

Viktige ekspedisjonar nordover frå Europa:
Barents kom til $79^{\circ} 49' 16$. juni 1596.

William Edward Parry til $82^{\circ} 45'$ den 23. juli 1827.

Parry starta frå Lågøya 21. juni, med retur til Rossøya den 12. august. Ein ekstrem prestasjon - der dei rodde og trakk i 1075 km, men kom berre 277 km frå startpunktet!

Den Østeriske-Ungarske Nordpol-ekspedisjonen med **Tegetthoff**, 1872-74 oppdaga Franz Josef Land. Leiar på land var Julius von Payer.

Nils Adolf Erik Nordenskiöld (1832-1901) segla som den første gjennom Nordaustpassasjen med Vega i 1878/79

Etter to overvintringar i «Fram» forlét **Nansen og Hjalmar Johansen** 14. mars 1895 skipet for å gå mot Nordpolen på ski og med hundespann. 7. april snudde dei på $86^{\circ} 14'$ nordlig bredde, då dei fann ut at dei ikkje ville rekke å gå til Nordpolen og tilbake i løpet av den korte arktiske sommaren.

$86^{\circ} 14'$ var Nansens eiga måling, seinare er dette korrigert til $86^{\circ} 04'$.

Det var uansett det nordligaste punkt det var registrert noko menneske hadde vore.

Italiensk hertug **Luigo Arnedo** og kaptein Umberto Cagni kom til $86^{\circ} 34'N$ 25. april 1900.

Tre som påsto at dei kom til Nordpolen.

Men som i følgje Olav Orheim i føredraget sitt på Ishavsmuseet, vart feilaktig heidra.

1. **Fredrick A. Cook** (1865-1940):

Sommaren 1909 kom Frederick Cook tilbake til New York og hevda at han hadde vore på Nordpolen 22. april 1908, etter å ha starta frå Grønland og budd blant grønlendarane.

Roald Amundsen trudde på Cook, han kjende han frå før, og hadde ingen grunn til å ikkje tru på han.

Robert Peary kom tilbake kort tid deretter, og påsto med ein gang at Cook var ein løgnar. Peary viste då at Cook heller ikkje hadde snakka sant om andre ekspedisjonar han hadde vore på.

2. **Robert Edwin Peary** (1856-1920)

Peary hadde fem ekspedisjonar til Grønland frå 1886 til 1898-02. Peary kryssa nord-Grønland med Eivind Astrup i 1891-92.

Han prøvde å nå Nordpolen i 1905-06 og 1908-09. Han hevda å ha nådd polpunktet med sin svarte «tenar» Matthew Henson 6. april 1909. No meinte vel Peary at det var hans siste sjanse, han var blitt 53 år, og hadde mista 8 tær.

Men Robert Edwin Peary hadde også fleire tidligare løgner.

Magasinet National Geographic støtta Peary, og i boka «Ninety Degrees North», beskriv polarhistorikaren Fergus Fleming Peary som «undoubtedly the most driven, possibly the most

successful and probably the most unpleasant man in the annals of polar exploration».

Robert Edwin Peary var truleg nær pol punktet. Men dei unrealistiske hastigheitene på slutten, som ingen kunne kontrollere, gjer det ekstremt usannsynleg at han var heilt framme.



Robert Edwin Peary. Foto frå Olav Orheim

3. **Richard E. Byrd**

I mai 1926 er det to ekspedisjonar i Ny-Ålesund Byrd og flygar Floyd Bennet startar i «Josephine Ford» tre dagar før Amundsen-Ellsworth-Nobile, han landar etter 15 timer og hevdar å ha flydd over polen 9. mai.

Det er fleire grunnar til at dette neppe er korrekt: Flyets eiga hastigkeit og tida i lufta (15+ timer, 82 knop), ferske nyoppdaga dokument med blant anna navigasjonsnotat frå samtalelogg, og ikkje minst samtale mellom Bennet og Bernt Balchen i 1928.

I følgje Polar Record (2013) var dei på $88^{\circ} 45'$ Orheim kunne fortelje at den som med sikkerheit var først over polpunktet var Amundsen-Ellsworth-Nobile ekspedisjonen med luftskipet «Norge», som flaug over



Richard E. Byrd. Foto frå Wikimedia

Nordpolen 12. mai 1926, og til slutt landa i Teller, Alaska.

Nesten først var så Sovjets NP-1, etablert 21. mai 1937, 20 km frå polpunktet. Dei vart henta frå isflaket 19. feb. 1938. Leiari var Ivan Papanin.

Men kven var først?

Dersom det ikkje var Peary – kven var då den første til å reise over isen frå Canada til Nordpolen?

Olav Orheim kunne endeleg avsløre svaret som alle sat å venta på. Det var utvilsamt Ralph Plaisted, Walt Pedersen, Gerry Pitzl og Jean Luc Bombardier, med snøskuter og flystøtte - 19. april 1968, meina Orheim.

Turen over polisen tok 43 dagar med Ski-Doo Olympique snøskuterar

Wally Herbert, UK, starta frå Canada 21. februar 1968 med tre mann, dei overvintra på drivisen, og kom til Nordpolen 6. april 1969. Ekspedisjonen brukte 40 hunda, og Herbert hevdar han var den første som gikk til Nordpolen.


Men – er ikkje det å bruke snøskutar like tungt som å bruke hundar, undrar Orheim.

Etterkvart kom det mange ekspedisjonar mot Nordpolen:

1978 – Naomi Uemura, Japan, åleine, med hundar.

10. april 1982 kjem Sir Ranolph Fiennes og Charles Burton fram til Nordpolen. Dette var avslutninga av den krevjande 1980-82 Transglobe expedition.

29. april 1982 – Ragnar Thorseth med Trygve Berge, Jørn Eldar Fortun og den kanadiske inuitten Ekaksak Amagoalik, med snøskuterar og flystøtte, er første nordmann over isen til Nordpolen. Thorseth-ekspedisjonen starta frå Canada.



Ragnar Thorseth tek solhøgda på veg til Nordpolen 1982.

Ulike eventyrarar arrangerer etter kvart ei rekke ekspedisjonar til polpunktet. Men desse vart stort sett «heltar» berre i eige heimland.

Blant dei meir eineståande ekspedisjonane kunne Orheim nemne desse:

1986 – Jean-Lois Etienne, Frankrike, åleine, med flystøtte.

1986 – Ann Bancroft, US, med hundar, første kvinne.

1990 – Erling Kagge og Børge Ousland, første utan korkje hundar eller flystøtte.



Ragnar Thorseth med Trygve Berge, Jørn Eldar Fortun og den kanadiske inuitten Ekaksak Amagoalik på Nordpolen 29. april 1982.

2000 – Rune Gjeldnes og Torry Larsen, første som har kryssa Polhavet utan støtte – fortsatt dei einaste!

2002 – Tina Sjøgren, S, første kvinne utan støtte/hundar.

Under foredraget sitt på Ishavsmuseet fortalte også Orheim om mangfaldet av eventyrarar som gjer at det no er fleire kategoriar av «første til nordpolen over isen», og krangling om kva som er den «korrekte» måten å gjere dette på, er no ein eigen «industri» – med sterke innslag av individuell og nokre gongar nasjonal sjølvhevding. Eksempelvis:

Første utan noko form for støtte

Første heile vegen over Polhavet utan støtte
Første til å nå Nordpolen om vinteren – var forresten Børge Ousland og Mike Horn, 2. mars 2006.

Første frå russisk side, osv., osv.

Dei prinsipielle «gåarane» er intenst imot dei som kjem dit på ein lettare måte, fortalte Orheim.

Dei likar ikkje å bli minte på at den italienske greven Guido Monzini (1928-1988) kom over land til Nordpolen så tidleg som 19. mai 1971. Ekspedisjonen starta frå Cape Columbia 23. januar, og vart avslutta 20. juni 1971.

Han hadde då med tre «fjell-førarar», to danskar som teknisk støtte, 14 inuitter inkludert to barnebarn av Peary, og 300 hundar. Dei hadde også mykje flystøtte.

I foredraget sitt fortalte også Orheim om mange andre måtar for å kome først til Nordpolen:

Dei første som flaug dit var 24 russarar, inkludert Ostrekin, Senko, Mikhail Somov og Gordienko med tre fly, 23. april 1948.

Jo Fletcher, Bert Crary, William Benedict flaug dit 3. mai i 1952.

3. august 1958, var USA atom-ubåt Nautilus, under Nordpolen.

17. mars 1959, USAs Skate i overflata på polpunktet.

28. juni 1972: NP-19 driver nøyaktig over polpunktet (A.N.Chilingarov overvintra som leiar av NP-19 i 1970).

17. august 1977: Den Russiske atomisbrytaren Arktika.

1. juni 2000, David Hempleman-Adams, i ballong til $89^{\circ} 50'$.

2. august 2007, Artur Nicolayevitsj Chilingarov og Frederik Paulsen og fire deltagarar, i to Mir submersibles planta flagg på havbotnen 4261 meter under polpunktet.

Russerane har stor praktisk erfaring med å etablere isflak-stasjonar.

NP2 til NP31 gjekk føre seg frå 1951 til 1991. NP-22 varte i heile ni år. Som einaste frå vesten fekk Torgny Vinje frå Norsk Polarinstitutt besøke ein slik stasjon i 1970.

Då Sovjetunionen kollapsa fann nokre av dei mest erfarne leiarane ut at dei skulle få i gang turist-aktivitet på Nordpolen, med same teknologi.

Russland etablerte leir nær 90°N i 2002 (1993), leiren fekk namnet Barneo.

Avslutningsvis i sitt svært opplysende og interessante foredrag fortalte Orheim om mange «nye», og til dels fantasifulle aktivitetar som no vart støtta herifrå:

Fallskjermhopping, påsto dei første var i 2005. Men dette fortalte Orheim at det var feil, Volovich og Andrei Medvedev hoppa allereie 9. mai 1949.

2007 første til å symje (Lewis Gordon Pugh, minst 1 km = hans egen definisjon av å vere først!).

16. april 2006 Prins Albert II Monaco i hundespenn.

I 2003 vart det arrangert maraton på Nordpolen, og ein fekk «den første som vant maraton».

I 2009 skjer det første bryllaupet på Nordpolen, ekteparet Browning, frå Arizona/Australia.

Også ei rekke andre meir eller mindre fantasifulle aktivitetar på/ut frå Barneo – kanskje først og fremst for å kome i Guiness rekordbok!

Nokre eksempl:

2008 Reidun Engum, første bestemor går til Nordpolen.

2009 første person til Nordpolen i rullestol.

2009 første person spelte golf, utkledd som julenissen.

2010 første håklipp i medbrakt barberstol

Kva blir det neste??? Spurte så foredragshaldaren til slutt før han fekk stor takk og varm applaus frå salen.

Etter foredraget til Olav Orheim var det dekka til servering nede i messa på museet. Her diskstuerten opp med klippfisk med alt godt av tilbehør. Maten vart godt mottatt av dei over 50 som benka seg til bords denne kvelden.



Foto frå North Pole marathon 2014

Mine første ishavsturer

Av Knut B. Brandal
Frå Ishavsmuseets arkiv

Det gikk det ordet i Brandal at viss du ikke har vært på ishavet, så er du ingen kar.

Jeg måtte selvfølgelig bli en kar og reiste på ishavet og derfor tok jeg meg plass om bord i S/S «Admiralen» av Bergen.

Den eiedes en tid av admiral Børresen. Rederiet hette: Baumann og Børresen, Bergen. Kristoffer Marø var skipper og Mikal Marø var første skytter. Karl H. Brandal (Volle-Kalla) var andre skytter.

Jeg kommer nu til å sette ind mine uskyldige dagbøker som jeg skrev de år:

Vi blev påmønstret i Ålesund i mars 1913 for en tur til Vesterisen. Provianten blev tatt med P. Th. Sandborg, som disponerte skuten. De hadde også kolonialforretning. Vår private proviant var: 1 sukkertapp, 2 spekekjøttlår, 4 sneis egg, 2 bokser seikaker, 2 boksar oksekarbonade, 1 flaske sitron, 20 bokser usukret melk, og 1 mille motorsigaretter samt fyrtikker.



Siden var det at gå til Thor Dahle, han hadde alt hva du trengte av tøyvarer. Dette var utstyret som vi trengte til turen.

Onsdag 26. mars. Vi heiste flagget og kl. 12 middag kastet vi loss og gikk ut Breisundet. Vi fikk fint veir på hele overseilingen. Vistrekte på alle seil og dei var oppe hele turen.

Søndag 30. mars. På føremiddagen fikk vi se islysne (glan av isen). Klokken 12 middag traff vi på den første isknulter. Vi har skutt en gris og en klappmyss. (Grisen er nemlig ungen til klappmytsen, som det heter).


Elias Molvær er stuert, men han har fått nærvægikt så jeg har vært stuert for ham. Vi ser en stimer (sælfanger) i det fjerne.

Mandag 31. mars. Vi har skutt 3 griser. Vi prøver S/S «Minna», skipper Peder Hjelle. Den stimeren vi såg i går var S/S «Søblomsten» av Ålesund, skipper Paul Lillenes, redrer H. Kopernæs, Ålesund. Vi ser også S/S «Arctic» av Ålesund, skipper Johan Torvik. Det er blitt skodde og regn.

Tirsdag 1. april. Vi har skutt ca 30 dyr. Tykk tåke, vind av nordost.

Onsdag 2. april. Vi har skutt vel 100 dyr i alt. Vi prøvet S/S «Brandal», skipper Sigvald S. Brandal. Vi fikk høre om ulykken med S/S «Jon» av Haugesund. Den la seg flat på seilene og forliste på den måten. Den førtes av Johan S. Brandal.

Vi tok om bord en av mannskapet, nemlig Olav Kavli som var fyrbøter. Resten av mannskapet ble delt utover på de andre skutene. Tåke og stille.



Skipper Sigvald S. Brandal



Maleri av «Admiralen» i Ishavsmuseet si utstilling.

Torsdag 3. april. Det har gået smått med oss i dag. Vi har skutt bare 25 klappmyts og 1 sael. Det var den første av den sorten. Stille, sydlig vind.

Fredag 4. april. I dag har vi plattet skinn ned i rommet. 142 gris og 26 klappmyts. Har ikke fangstet i dag. Fin bris, vestlig, snekave.

Lørdag 5. april. Liten fangst i dag, fått 10 dyr. Har praiet d/s «Neptun» fra Brandal. Reder og fører Peder P. Brandal. Frisk vind N.N.W. kaldt veir.

Søndag 6. april. Har fået nogle dyr. I dag er det første gangen vi har minsket seil siden vi forlot Brandal og det på 11 dager inkl. overseiling. Sterk N.W.

Mandag 7. april. Har bakket i hele dag. Storm fra nord. Kaldt.

Tirsdag 8. april. Har fangstet bra i dag, fått ca 50 dyr, kaldt veir. Vinden har blitt flauere. N.N.W.

Onsdag 9. april. Har bakket i hele dag. Frostrøyken er så tykk at vi ser nesten ingen ting. Vi har praiet s/s «Uda» av Bergen, fører Andreas Røren, Brandal, og vi har sett s/s «Aksla» av Ålesund, skipper Jakob Svinø. Den eies av Kr. Og Sig. Ingebrigtsen. Storm fra nord.

Torsdag 10. april. Har bakket i dag også. Vinden har raset slik at sjøen har gått hvit. Elles går det sin vante gang. Vinden har gått seg til N.W. Litt flauere.

Fredag 11. april. Har bakket nesten i hekle dag også. Har fått nogen dyr. Snebyger fra nord.

Lørdag 12. april. Har fangstet bra i dag. Vi har fått 130 dyr. Fint veir. Nordlig.


Søndag 13. april. I føremiddag fikk vi 70 dyr. Men så røk det opp med storm fra syd slik at vi måtte gå ut av isen. Enkelte snebyger.

Mandag 14. april. I dag ligger vi for en stygg bakker. Somme tømmer sin mave og andre står

det over. Men likevel så går vaktene sin vante gang. Håper at veiret gir seg. Vinden sydlig.

Tirsdag 15. april. Har sløret unna nesten hele dagen. Vi har ikke sett isen enda. Vinden er litt flauere, men sjøen er den samme. Vinden S.S.O.

Onsdag 16. april. Har seilet i 6 timer før vi kom opp under isen, ja det er ikke skikkelig is men bare sørpe så langt vi kan se. Dagens fangst er 50 dyr. Kristoffer og Mikal Marø har vært om bord i s/s «Jopeter» av Brandal. De hadde fått knapt 300 dyr. Dønning men vindstille.



Torsdag 17. april. I dag har vi hatt den beste fangstdag siden vi kom. Vi har tatt omkring 400 dyr. Det er ungsæl. Fin bris fra sydost.

Fredag 18. april. Vi tørnet ut klokken 2 i natt for at fangste. Ja det blev en travel dag. Vi har fått ca 300 sæl. Vi er så såre i hele kroppen at det er så vidt vi kan røre på oss. Stund i mellom så er det tåke, nu regner det.

Lørdag 19. april. Det ser ut til at det blir mindre med sælen nu. Vi har fått 175 sæl i dag. Nogle av mannskapet har kullet. Å kulle er at ta kullene fra tankene og så bære dem att i bakserne. De andre av mannskapet har plattet ned skind. Sørpen er så tykk at skuten går den ikke. Snesludd og sydlig vind.

Søndag 20. april. I natt hadde vi besøk av s/s «Hisø» fra Ålesund. Skipper Johan Olsen, redar a/s Sverre i Oslo. «Hisø» har i alt 2000 dyr. Vi

har skutt 108 dyr i dag. Nu ligger vi i en vokke og driver. Det er stille.

Mandag 21. april. I dag har vi lempet opp de skinn som lå i rummet og plattet ned på fatene ferske skinn, så nu er rummet fullt. Har skutt 100 dyr i dag. Vi ligg ved siden av «Hisø», vinden er sydlig. Litt snebyger.



Maleri av «Hisø» i Ishavsmuseet si utstilling.


Tirsdag 22. april. Det begynner å bli smått med sælen nu. Vi har fått ca 50 dyr. Tåke og snekave. Vind fra nordost.

Onsdag 23. april. 70 dyr i fangst i dag. Vi ligger med fokke, klyver og mesan og bauer sørpe. Fint veir, kjøle av nord.

Torsdag 24. april. I dag har vi praiet s/s «Brandal», s/s «Minna» og s/s «Jopeter». De har fått 800 dyr hver av dem. Fangsten er nu liten. 14 dyr. Vi har strekt seilene. Vind av N.W.

Fredag 25. april. Har skutt en og annen klappmyts og sælen i alt 46. Fint veir. Vind av nord.

Lørdag 26. april. Ikke fangst i dag. Vi har gått vestover langs iskanten for at finde vass is, men vi har ikke fundet nogen. Vi ser m/s «Havfruen» av Brandal fører og redrer Laurits S. Brandal. Og vi ser også seilskutten «Gunilde» av Brandal, fører Karl Lillebø, redrer Peter S. Brandal. Vi ser dem i det fjerne. Kursen er S.W. Vinden er N.N.O.



Skipper Laurits S. Brandal

Søndag 27. april. Vi har gått vestover i dag. Praiet m/s «Alheim» av Brandal fører Andreas Røren. Dei hadde fått 22 dyr. Vi har dræpt 6 gris i dag. En säl og en gris har vi tatt levende om bord for at ta dem med hjem.

Mandag 28. april. Har taget ind styrbordsbåt og tatt to rev i storseilet. Kursen S. til W. Vinden S.O.

Tirsdag 29. april. Vi tok ut revet i storseilet i morges kl. 6 fm. Vi strakte toppseilet og satte på stormkløveren. Det er motvind. Vi ligger og bakker. Sjøen ryker nesten. Vi ligger vestover, men vinder driver oss nordover. Storm av syd.

Onsdag 30. april. Sælen døde i dag så nu er grisen enkemann. Vi går med torevet storseil og maskinen. Har kullet en halv tanke. Kursen er syd. Vinden er nordost.

Torsdag 1. mai. Vi er kommet over halve reisen, men det ser ikke ut til at vi kommer lengre. Vi har låret av ho både kløver og fokke, så det er nesten stille. Syver og Aron slåst så de lå og sprellet på dørken. (Syver Larsen Brandal, han kom vekk med «Isspurven» i sildefiske nyttårsnatta 1913-14) Kursen var i formiddag S.W.

Fredag 2. mai. Nu har vi lempet de siste kullene bak i baksene. Antar at vi er utenfor Halten. Men vi ser ikke land. Kursen er syd, seilslag nordlig.

Lørdag 3. mai. Har ikke sett land i dag heller. Det er tvilsomt om vi får se det. Vi har lite kull. Trost, svale og steindulp ringer kring skuten Til

klokken 12 middag hadde vi vind av nord, da styrte vi S.t.W. Så styrte vi O.S.O. Nu er vinden syd. Fin bris.

Søndag 4. mai. Tykk tåke i dag også. Vi ser røken av tre dampskip i horisonten. Vi er nesten lens for kull. Vi stoppet maskinen i tolvtiden fm. Klokken 3 på ettermiddag fikk vi se land. Vi får landkjenning og går ind Græslidfallene. Vi setter kursen sydost og går ind Vigerøfjorden, og videre til Ålesund.

Kommer dit klokken 8 ettermiddag og får tollerne om bord. Klokken 9 ettermiddag går vi til Brandal. Det er stille men tåke. Alt vel. Det blev til at gå til Skarbøvikene for at leve spekket opp på en gammelrød bud. Vi sto der å spekket i vel to dager. Skindene leverte vi på Sandborgbua ved Sandborgbrygga. 2100 ungsel.

Videre til Danskestrædet med s/s «Admiralen» 1913

Mandag 26. mai. En uke har vi brukt til overseilingen og hele tiden har vi hatt godt veir. Siste dagene har det vært tykk tåke. Isen såg vi kl 6.30 formiddag. Tåken lettet ut på dagen. Vi såg en klappmyts som vi fikk. Isen er så tykk at vi går bare langs med kanten. Vi ser en stimer i det fjerne.

Tirsdag 27. mai. Den stimeren vi såg i går var s/s «Rapp» av Brandal. Fører er Ole Eiken, reder Rasmus J. Brandal. Vi praiet den også. Vi har fått 6 dyr. Isen er bra slakk i dag, så vi har vært inne i isen.

Utenfor kanten såg vi s/s «Vesterisen». Bagbordsvakt skulle sette ut styrbords-fangstbåt i dag. Men taklet røk av og Bjerknes fikk fikk tørn på ene foten og den kom under naglebenken. Han blev stygt klemret, men det går vel over. Det er stille.

Onsdag 28. mai. Vi har praiet s/s «Vesterisen», de hadde vært til Island og kullet. De hadde 100 tønder spekk. Utenfor iskanten ser vi s/S «Uda». Klokken 3 på ettermiddag ble vi uttørnet til fangsting. Jeg er på styrbordsvakt. Vi fikk vel 50 dyr. Vi lårer ned seilene. Det er stille.

Torsdag 29. mai. Har gått ut av isen for det er ingen fangst at se. Nu ligger vi å bakker. Tykk tåke. Vinden er N.N.O.

Fredag 30. mai. I morges låg vi og bakket. Klokken 8 formiddag begynte vi at spekke og vi ble ferdig klokken 3 på ettermiddag. Så blev maskinen satt i gang og vi gikk ind gjennom isen. Har fått nogle dyr. Vi ser et farty, men tåken er så tett at vi ser nesten ingen ting. Vinden sydost.



Spekking om bord i «Minna» 1900. Foto: Olaf S. Brandal, Ishavsmuseets arkiv.

Lørdag 31. mai. Liten fangst i dag også. Ved 3 tiden i dag såg vi to klappmyts som låg på et flak. Skuten blev lagt til og Paulus Røren sprang ned på isen for at flå. Isdreggen blev fastgjort i isen, men skuten drar i fra og bryter ut et stykke av isen. Paulus og dyret, sleggen og dreggen, alt sammen synker i sjøen.

En stund etter kommer de opp igjen med hverandre i favn. Mannskapene som er på dekk setter i en høy latter slik at den ulykkelige akrobat også må smile. I det fjerne ser vi to stimbarker og 5 selfangere. Stimarkene som var der den gang var: «Tulla», «Njord» og «Samson». De to siste ble solgt til USA i 1915. Vi ligger i en vokke og krysser frem og tilbake. Maskinen ble stoppet for at tette en lekasje i kjedlen.

Søndag 1. juni. Vi har praiet s/s «Brandal», de hadde fått 1300 dyr. De hadde vært i Isafjord og kullet. I 6 tiden ble arbeidet med kjedlen ferdig, så nu går vi vestover. Ingen fangst. Vinden er ost.



«Aarvak» i isen. Foto: Vebjørn Landmark

Mandag 2. juni. Har gått vestover langs kanten. Vi har kullet babord fortanke tom. Ingen fangst. Fint veir. Vi ser inn til Grønland. Vi er ca 8 mil fra land.

Tirsdag 3. juni. Vi gikk vestover langs kanten til klokken 3 i ettermiddag. Da vendte vi østover igjen. Har praiet s/s «Elf» av Ålesund. Vi praiet også s/s «Floren» av Brandal, fører Petter Mur, reder Petter og Johannes Mur, Brandal og H. Koppernæs i Ålesund. Iskanten er så tett at vi kan ikke komme inn. Vi har spekket av de skinn vi hadde. Vinden nordlig.

Onsdag 4. juni. Vi har krydser østover langs kanten. s/s «Floren», s/s «Elf» av Ålesund, skipper Isak Notø, rederi a/s Sverre, Oslo, s/s «Jopeter», skipper Peder Hjelle, alle går samme vei som oss. Mikal Marø fanget en spue, men den døde nogen timer senere. Stor dønning. Vinden O.N.O.

Torsdag 5. juni. Har praiet s/s «Aarvak» av Bergen, skipper Bertel Landmark. De hadde 500

dyr i alt. Krydser i dag også. Snesludd, sterk vind av N.O.

Fredag 6. juni. Vi har taget ind to rev i storseilet, taget av storklyveren, og satt på mellomklyveren, taget den av igjen og satt på stormklyveren. Så har vi låret ned fokke og mesan. Vi ligger nu og bakker. Tykk snekave og vinden øker på. Kulling av O.N.O

Lørdag 7. juni. Krydser langs med iskanten. I dag tok Bjerknes igjen sin stilling. Han er nu bra i foten igjen. Tykk snekave, kuling av O.N.O

Søndag 8. juni. Dagen går med at fabrikkere rammer eller redningsbøyer. Vi har seet en stimer i det fjerne. Det er en sådan snetykke at vi ser ikke langt. Kaldt vær. Vinden N.N.O.

Mandag 9. juni. Krydser i dag også. Vi har tatt ut revet i storseilet og strakt det på, og så har vi satt på mellomklyveren. Maskinen går med sakte fart. Vinden litt flauere. O.N.O

Tirsdag 10. juni. Her er mange stimere som krydser seg opp. Maskinen har gått med sakte fart. Tåket veir. Svak bris av N.N.O

Onsdag 11. juni. Vi har gått langs kanten, men den er så tett at vi kan ikke gå ind. Langt inde kan vi se de høye fjelde av Grønland.

Det er første gang jeg ser Grønland. Skipper Kristoffer Marø og jeg var en tur om bord i s/s «Uda» av Bergen. Skipper Andreas Røren. Nu ligger vi og bakker. Skipperen og stuerten er om bord i s/s «Vår» av Ålesund. s/s «Aksla» av Ålesund, skipper Jakob Svinø, de ligger også her å bakker. «Aksla» hadde 1300 dyr. Klart veir. Vind av N.N.O

Torsdag 12. juni. Vi har ligget i en isbukt og drevet i hele dag. Her ligger ca 20 skuter i sammen med oss. Har praiet s/s «Aksla» og s/s «Arctic» av Ålesund og s/s «Lunheim» av Brandal, skipper Ole Hoffseide, reder Ole S. Brandal. «Lunheim» hadde mistet propellen og hadde gått inn til Island. Vinden er O.S.O.

Fredag 13. juni. Vi ligger og bakker inde i bugten. To motorskøyter er kommet, den ene er m/s «Fred» av Ålesund, reder Ole Solbjørg.

Den andre er vist m/s «Håkon» av Haugesund. I nattens løp frisknet vinden til så vi måtte ta ind to rev i storseilet. Tåket veir, frisk vind av O.N.O.

Lørdag 14. juni. Vi har ligget og drevet utenfor kanten. Fremdeles er iskanten tett. Det er klart ver så vi ser ind til land. Vinden vest.

Søndag 15. juni. Har gått langs med kanten, den var litt slakkere så vi gikk ind og fikk oss to griser. Nu ligger vi og driver i en stor bugt. Tidlig i dag var det frisk bris av west. Nu er det vindstille.

Mandag 16. juni. Maskinen har ruslet og gått med sakte fart for å holde skuten på roret. Maskinisten skøt en snadd-unge, men den gikk ned i sjøen. Vi har kullet tom akter midtanke. Tåket veir, regn. Vinden ost.

Tirsdag 17. juni. Vi ligger og bakker i en stor bugt. Har praiet m/s «Isspuren» av Brandal. Reder og skipper Rasmus R. Brandal. De hadde vel 100 dyr. De hadde vært ind til Island for at få mere parafin. Stor dønning. Frisk vind av N.O.

Onsdag 18. juni. I dag er det en måned siden vi forlot Norge. I 12 tiden i natt begynte isen at sette sammen, så vi måtte sette i gang maskinen for at komme oss ut. Ligger nu og bakker, storm av ost.

Torsdag 19. juni. Ligger og bakker. Tåket veir. Regn. Storm av ost.

Fredag 20. juni. Byttet klyver og har taget ut revet i storseilet og strakt det på. Danglet i vei i stilla til klokken 6 ettermiddag. Da blev maskinen satt i gang og nu går vi østover langs kanten. Tett is, stor dønning. Vi ligger på 650 N. br. 71 Klart veir. Svak vind av ost.


Lørdag 21. juni. Vi har ligget og danglet i stilla til middags. Siden har vi gått langs kanten. Kanten er slakk. En kjøle av vest.

Søndag 22. juni. Vi har seilet østover langs med iskanten. Iskanten er litt slakkere. Vi har skutt en gris. Så har vi låret ned klyver og mesan. Nu

ligger vi i en isbugt og bakker. Tåket veir, regn. Wind av ost.

Mandag 23. juni. I morges klokken syv begynte vi at fangste. Isen begynte at sette i sammen så vi måtte gå ut i fem tiden. Vinden øker så vi har tatt to rev i storseilet og strekker det på. Likedan strekkes fokken. Så stoppes maskinen og skuten legges bakk. Skindene blir nedplattet i rummet, det er i alt 180 skind. Nu feirer vi St.Hans natt i isen. Tåket veier. Sterk vind av ost.

Tirsdag 24. juni. Vi har ligget utenfor kanten og bakket. Klokken 10 i formiddag gikk vi inn i isen der vi kom ilag med s/s «Arctic», s/s «Rap» av Brandal, s/s «Minna» og «Søblomsten» som alle låg og fangstet. Tåket veir. Regnsludd. Vinden er ost.



«Minna», etter forlenging og fornying i 1908, her i bøya si utanfor Brandal.

Onsdag 25. juni. Har holdt på at fangste i hele natt. Klokken 5 i formiddag tok vi fast i en is fordi det ikke var mer at fangste på. Vi gikk til køys og tørnet ut igjen i 12 tiden for at spekke. Har skutt 12 dyr mens vi spekket. Tåke, vind av N.O.

Torsdag 26. juni. Tørnet ut klokken 6fm. For at salte skind. Klokken 9 fm blev styrbordsbåt utsatt til fangsting for første gang. I beste fangstingen satte isen oss inde, så nu kommer vi ikke nogen steder. Har spekket resten av dyrene. Her er megen håkjerring. Vi har fisket 11 stykker. Klart veir, stille.



Håkjerring ved skutesida.

Fredag 27. juni. Isen er tett i dag også. Vi spekket de siste skind og saltet dem ned. Har kullet tom fremste midttanke.

Lørdag 28. juni. Vi har prøvet på å baue oss ut av isen. Men vi måtte stoppe for isen var for tett for oss. Vi har fylt på to fat med vand. Fikk besøk av s/s «Rapp» sine karer. Dønningen vokser. Stille tåket veir.

Søndag 29. juni. I dag har vi tappet vand av kjedlen og holt kjelsjau. Vi har nu fått den ren og bært på vand igjen. Isen er like tett, men vi driver ut mot kanten.

Mandag 30. juni. Bunnløkkene i kjelen var lekk, så vi måtte tappe vandet av den for anden gang og så fylle den igjen. Nogen av karene var en tur indover isen og tok nogen dyr som var der. Tykk tåke, svak vind av west.

Tirsdag 1. juli. Isen har slakket opp så vi har gått ett langt stykke ut mot kanten. Nu er isen tett igjen så vi ligger stille. s/s «Isrypen» av Brandal, skipper Godtfred Brandal har fulgt i rorvandet vårt. Tykk tåke. Vinden er O.N.O

Onsdag 2. juli. Endelig er vi kommet ut av isen. Vi kom utfør kanten klokken 9.30 fm. Nu går vi østover. s/s «Arctic», s/s «Isrypen», s/s «Søblomsten» er også kommen ut. Tåket veir, svak vind av west.

Torsdag 3. juli. Vi har gått langs iskanten og skutt en og annen gris. Vi ligger nu fast i et isflak, fordi det er så tykk tåke. Regn, svak vind.

Fredag 4. juli. Vi har ligget ved det samme flaket som vi tok fast i. Klokken 9 fm kastet vi løs og gikk østover langs iskanten. Uheldigvis så kom vi til at kjøre på en is som brøt ind rekken fra halvdekket og forover. Jeg har været stuert i dag og baket brød. Stuerten har bløgget en finger. Tykk tåke, stille.

Lørdag 5. juli. Nogle rør i kjedlen sprang lekk i dagmorges, så stimen måtte avblæses, slik at de kunne blive tette. Vi har skutt nogen griser. Vi går nu østover.

Vi ser s/s «Søndmøringen» av Ålesund. Skipper Johan Sandvik, reder H. Kopernæs. Vi ser også s/s «Vesterisen» av Ålesund, skipper Peder Trandal, redere Trandal og Kopernæs. Tåken er lettet nu, klart veir. Vind stille.



«Søndmøringen». Foto fra Anne Karin Notøy, Ishavsmuseets arkiv.

Søndag 6. juli. Har vært inde i isen. Men så begynte isen at sette sammen igjen, så vi måtte gå ut. Har skutt 20 dyr. s/s «Vesterisen» har



Fangst med båt.

mistet propellen. Tykk tåke, regn. Svak vind av S.W.

Mandag 7. juli. Har ligget og danglet i stilla til klokken 12 fm. med oppstrakt storseil utenfor kanten. Nu er vi inde i isen og har fått nogle dyr. Gået utover igjen men måtte snu indover. Tykk tåke, regn.

Tirsdag 8. juli. Har gået med sagte fart østover. Vi har sett 16 blåhvaler. Tåget veir, stille Nbr 65° 34'.

Onsdag 9. juli. Vi har praiet s/s «Hercules II» av Oslo, skipper Knut Olsen, Ålesund. De hadde ca 200 dyr. De skal på vestsiden av Grønland for at overvintre.

Nu gikk de til Reykjavik for at kulle. Vi satte kurs for Island klokken 5 eftersom. Kursen er SO til O ½ O. De siste skind blev avspekket. Tykk tåge, frisk bris.

Torsdag 10. juli. Klokken 12 middag fikk vi landkjening ved Stålbergerhuk. Det er motvind så vi må krydse. Det er første gang jeg ser Island. Det føltes som noe nytt føttes i mig. Den siste av tankene våre blev kullet bak i baksene. Klart veir, frisk bris av N.N.O.

Fredag 11. juli. Kom ind til Isafjord klokken 6 fm. og ankred. Hivet senere oppigjen og la til kaien for at kulle.

Vi var en tur opp i byen for at se oss omkring. Alt var klart klokken 10 fm. Det er motvind ut fjorden, så vi måtte krydse. Nu er det god vind, tåket veir.

Lørdag 12. juli. Vi har sløret i hele dag. Maskinen er stoppet for at tette en lekkasje i rørrene i kjedlen. Frisk vind av vest.

Søndag 13. juli. Passerte Kapp Langenes klokken 12 middag. Maskinen blev stoppet for at vi skulle prøve å rykke torsk. Vi fikk 8 stykker. s/s «Rapp» sees i nord. Den kommer nærmere. S/S «Sverre» og s/s «Hai» av Ålesund har passert oss. Vi hilsede på hverandre med flaggene. Kursen er S.O. Frisk vind.

Mandag 14. juli. Det går ikke å hurtig med oss siden vi fikk motvind. Vi får ikke ligge på kurser. Klart veir, svak vind av S.O.


Tirsdag 15. juli. Vi går nu for en fin bris. Skuta gjør ca 7 mils fart. Toppseilskjøtet røk av så seilet måtte nedläres.

Onsdag 16. juli. Det har vært storvask i dag. Vi har vasket ned lugaren. Ja nu har vi endelig seilt halve veien. Vinden er bedre nu. Klart veir, men stor dønning. Svak vind av nord.

Torsdag 17. juli. I dag har vi vasket båtene og hele skuten over dekk. Vi fikk landkjening klokken 10 aften.

Fredag 18. juli. Nu har vi vært borte i to måneder. Vi kom ind Breisundet og gikk til Brandal. Gikk så derfra til Ålesund hvor vi losset skind og spekk.





rortek.no



17. mai feiring i Kvitsjøen

Fortalt av Oskar Garnes

Det var i 1927 og vi gjekk frå Ålesund med «Furenak» den 16. februar. Nordover langs kysten fekk vi nokså dårleg vêr og då vi kom til Vardø låg frostrøyken tjukk som skodde i fjorden.

Men vi heldt fram austover og då vi kom inn mot isen i Kvitesjøen fekk vi nordvest storm. Inne ved land var det likevel ope (isfritt) så vi kom oss inn til Kapp Orlov, og på ei fin bukt der ankra vi opp for natta.

Men den natta small han stormen så voldsamt at anerkjettingen vart kutta så vi dreiv til havs, og då var det ikkje anna råd enn å gå inn i isbaksen. Dette gjekk bra til å byrje med, men så fikk vi større is og vart til slutt liggande heilt faste i over ei veke med mykje isskruing.

Heldigvis var isen så lav at han skrua skuta opp, og omsider kom vi oss ut i lausare is, og kom i gang med fangstinga.

Men så vart det ny storm og ny isskruing, og så hard at rekka låg ca. 30 grader utover, og der vart opningar i dekket så vi såg ned i rommet. Vi rekna med at fekk vi meir av dette slaget, så var vi ferdige og kom til å forlise.

Neste dag fekk vi ei ny isskruing, men den var lengre oppe, slik at rekka og dollbordet vart pressa på plass att så skuta vart heilt tett. Men då vi kom heim viste det seg at 23 spant var knekte!

Skuta heldt altså, og fangstinga kunne fortsette. Til slutt hadde vi full last i skuta, og vi var klare til på gå heim den 15. mai. Då small han brått til med ein ny vestavind-storm, og isen vart stuva saman slik at vi vart liggande faste i fleire dagar. Heim til 17. mai kom vi altså ikkje dette året, men at grunnlovsdagen skulle feirast var vi alle samde om.

Alle fekk oppdrag med arrangementet, og så hadde vi eit songkor om bord. Det var mange av mannskapet som var flinke til å syngje, og som song når dei hadde høve til det, og i periodar med lite fangsting heldt dei korøving både i lugaren og på dekk.



Oskar Garnes på bruа til «Sjannøy» i 1950.
Foto frå Kjell Garnes

Det var han Gran frå Ørsta som var leiar og dirigent, og dei to Åmbakk-gutane Odd og Einar var gode til å synge. Det var også fleire av mannskapet.

Etter middagen tok 17. mai feiringa til. Først song koret to songar. Deretter heldt skipperen tale for Kongen.

Neste talar talte for Eidsvolls mennene og ein tredje heldt foredrag om selens bevegelse i havet.

Deretter skifte det med innslag både i alvor og gaman, og kvar mann hadde sitt innslag i programmet, stort eller lite.

Til slutt song koret på nytt to songar, og med det same dei var ferdige sprang han som hadde talt for Eidsvolls mennene oppatt på talarstolen og ropte; «Enig og tro til isen slakker».

To dagar etter slakka isen, og vi kunne endeleg ta på heimveg.

Då vi kom til Vardø fekk vi telegrafere heim, då hadde vi ikkje hatt kontakt heim sidan vi gjekk frå Tromsø på nord 20. februar.

Sørover kysten fekk vi fint vêr, og så vi kom til Brønnøysund såg vi at skogen tok til å grønast,

og den vart grønare og grønare til lenger sør vi kom.

Då vi var komne heim og fått lossa og vaska skuta, gjekk vi inn til verkstaden på Sørneset og fekk den på slipp der.

Då karane hadde pakka sekkane sine og stod samla ved skuterekka, stilte koret opp og song to fine avskjedssongar, både til seg sjølve og til oss andre av mannskapet.

På verkstaden stod alt stille medan dei song, og ein av dei som høyrdde songen var skulestyrar Kalsnes og han sa at dette var noko av det finaste han hadde høyrt.

Vi som var att om bord var glade og takksame for at dei tok desse songane før dei drog heim kvar til sitt – no er dei fleste borte.

Oskar Garnes (1893-1981)

Som fangstmann, skipper og til sist reiar for Sjannøy, fekk han mykje av sitt yrkesaktive liv der oppe i isen. Med lange turar til Kvitsjøen, Vestisen, Grønlandsstredet, og til slutt også med Sjannøy til Newfoundland, hadde han eit hendingrikt liv med mange dramatiske situasjonar.

Litt frå dettelivet fortalte han om til Konrad Myrene i eit lydband opptak i 1977, og det er frå dette denne historia om ein tur i Kvitsjøen er henta.

Historia frå 17. mai feiringa er sendt Isflaket frå Kjell Garnes. Han har også lagt ved ei vise om Sjannøy som han lurer på om det kan vere interesse for i Isflaket. Det synest vi absolutt, og her kjem Sjannøy-visa.

Sjannøy-visa

En ishavstur det skal nu forestå,
på skuta Sjannøy sku vi mœnstra på.
Til Vesterisen det går for fulle seil,
at det blir topptur det slår kje feil.

Først skal vi kjika på skuta lite grann,
og sidan prøva å bli kjent med alle mann,
for ho er flonkny fra kjølen og til tops,
og der går skipperen i tønna opp.

En førsteskytter frå Stryn som heiter Flo,

ja han er stor og mandig som for to,
når hans kommandoord frå tønna kjem,
å nei då er kje rormannen sein.

Så har vi Hamar som andreskytter er,
ja det er kar som fart i gutta fær,
for det er harde ord og aldri noko bløtt,
når han skal tørna liv i daudekjøtt.

Der kjem ein pode med dogga brilleglas,
ifrå han Crossley med handa full av fnas,
for maskinisten er det som råder der,
og han Crossley den har han kjær.

Så har vi den nyforlova assistenten vår,
han med det lange krusserulla hår,
ja det er en ting som fyller tanken hans,
ka tid vi sluttar og går til lands.

Så har vi smørris den tredje og siste der,
av gode dagar han blir så tjukk og svær,
han er i messa presis til alle mål,
med berre kaffi han lyt sia skål.

Så hua av for stuerten om bord,
han for oss alle har blitt som en mor,
den gode maten som han no lagar til,
han møter alle med eit munert smil.

Så har vi messen han har vi nesten glemt,
han går der snerten smidig men bestemt,
den vesle ringen som han på handa ber,
den minner sikkert om en liten kjær.

Så er vi ferdig med akterskipet då,
ein liten snik vi forut og vil sjå,
vi går til venstre hvor babordsvakta er,
en liten passiar vi sikkert fær.



Ishavsskuta Sjannøy. Foto frå Nupen.

Ishavsmuseet rettar ei stor takk til våre
hovudsamarbeidspartnarar i året 2015



CONSOLIS

SPENNCON



Populær polarkveld

Fredag 20. februar gjesta ishavsveteran Bjørne Kvernmo Ishavsmuseet med foredrag. Kvernmo hadde med seg mykje fin film frå dei siste åra med selfangst som han viste til ein fullsett foredragssal på museet. Bjørne starta å drive ishavet i 1973, og han er ein erfaren fangstmann, skyttar, skipper og reiar, og er framleis aktiv med meir enn 40 år bak seg på ishavet. I dag er han skipper og reiar for skuta «Havsel». Siste åra har han fanga i Vestisen, men han har erfaring frå alle fangstfeltet.

I foredraget sitt fortalte han om isforhold og fangsting slik det føregår i dag. Etter 41 år på selfangst kan 2015 bety slutten for ishavsskipper og selfangar Bjørne Kvernmo. Regjeringa Solberg har i år avvikla støtta til denne tradisjonsrike næringa, og då blir det vanskeleg å drive vidare. Men Kvernmo har planar om å prøve seg på fangst også i år.

I 2014 kom «Havsel» og Kvernmo sørover og leverte fangsten sin hos Polargodt i Tjørvåg. Sel-entusiast og eigar av Polargodt, Arnfinn Karlsen, fekk til slutt ordet og fortalte litt om situasjonen for mottak av selprodukt. Han hadde også med seg ein del flotte produkt laga av skinna som han tok i mot frå «Havsel» i 2014.

Webjørn Landmark ved Ishavsmuseet takka begge karane for den store innsatsen dei gjorde for norsk selfangstnæring. Etter foredraget samla nær 90 av dei 140 frammøtte seg rundt borda i kafeen til fersk torsk med tilbehør. Og som vanleg gjekk praten godt rundt borda med både nye og gamle røvarhistorie frå alle fangstfelt.

Snart sesongopning.

Gjennom vinteren er Ishavsmuseet ope berre etter avtale, men sesongen er rett rundt hjørnet. I år opnar vi søndag 19. april, og sesongen varer då til den 18. oktober. I dette tidsrommet er museet

ope alle dagar. Sesongopninga 19. april vert markert med søndagsmiddag og film frå polarområda i undervisningssalen.

Gjennom vinteren har museet hatt ein del vedlikehald i utstillingane, og fleire utstillingar har blitt oppgraderte. Nye ting har også kome til. No gler vi oss til å starte ny sesong, og vonar mange finn det interessant å legge turen til museet dette året også.

Silda e' koma!

Sistemann ut i denne runda med polarkveldar er den kjende sildebasen Jan Johansen. Jan er eit levande fiskerihistorisk leksikon, og historiene frå sildefiske si storheitstid langs kysten vår sit laust. Dei store vintersildfiskeria på Vestlandet utetter 1950-åra vekte internasjonal oppsikt. Den norske regjeringa arrangerte tur for dei utanlandske diplomata til sildefeltet, og reisebyrå skipa til turar for turistar. Aviser og radio følgde nøye med.

Dei dyktigaste notbasane vart den tids kjendisar. Jan Johansen har med seg mange historier og gode foto når han gjester Ishavsmuseet 24. april. På menyen er det naturlegvis sild denne dagen.

Kontingent I Ishavsmuseets Venner

og dermed abonnement for Isflaket vert også sendt ut i eigen konvolutt i samband med denne utgåva av Isflaket. Kontingenget er uendra. I 2014 var det mange som nytta denne giroen til også å gi ei gave til venneforeininga. Dette set foreininga stor pris på, og vonar naturlegvis at mange nyttar dette høve også i år. Alt overskot i venneforeininga går til nye prosjekt ved museet, og i vinter har Ishavsmuseets Venner gjort oppgraderinger på kjøkenet ved museet, og ytt stønad til oppfrisking i utstillingane.

For å halde deg oppdatert på det som skjer på Ishavsmuseet kan du følgje oss på www.facebook.com/aarvak og heimesida til museet, www.ishavsmuseet.no

Selfangstpioneren Peter S. Brandal vert heidra med statue.

Ishavsmuseet har sett i gang arbeid med å få reist ei statue av Peter S. Brandal. Statuen skal få plass ved Ishavsmuseet på Brandal, og skal avdukast i september 2016. Dette er då 100 år etter at Peter S. Brandal kom attende til Brandal med 300 tonn kol frå Svalbard med skutene «Signalhorn» og «Polaris», og det som vart starten på kolfeltet han grunnla som Kings Bay Kull Comp. A/S i Brandal City, eller Ny-Ålesund som vart namnet på staden noko seinare.

Dagleg leiar ved Ishavsmuseet, Webjørn Landmark, fortel at museet lenge har hatt ønske om å få reist ei statue for å heidre industribyggar og selfangstpioner Peter S. Brandal. No følte museet at tida var inne, og at det var eit godt høve til å få dette realisert til 100 års markeringa for Kings Bay neste år. Landmark seier at museet er avhengig av gåvemidlar frå både offentlege og private gjevarar, men han har stor tru på at dette skal la seg ordne. Sparebanken Møre har alt gitt ein god start med 70.000,- kroner. Det er kunstnar Tore Bjørn Skjølvik som skal lage statuen. Han har tidligare også laga statuen av ishavskjerringa som frå før av står ved Ishavsmuseet.

Peter S. Brandal var sjølvsagt mest kjend for sin grunnleggjane og nyskapande innsats for ishavsnæringa, og gjennom heile si levetid la han ned all sin arbeidskraft i denne næringa som han var med og forma og bygde opp frå grunnen av. Han er rekna for å være fremste pioneren på dette området på Vestlandet. Selfangstnæringa på Sunnmøre la på mange måtar grunnlaget for den store maritime industrien som landsdelen framleis haustar frå.

Peter Andreas Sevrinson Brandal var fødd 21.12.1870 i Brandal.

Peter såg raskt at skulle ein få lønsemrd i selfangsten så måtte ein satse på skikkelege spesialbygde skuter. Frå 1910 kom så den nye



Peter S. Brandal

moderne ishavsflåten som var spesialbygde med tanke på selfangst.

Peter var også opptatt av Grønlandssaka, og utrusta eigne ekspedisjonar for å okkupere land på Grønland for å vere sikra framtidige jaktrettar i dette landet som hadde så mykje å by på.

Då Peter Brandal vart konfirmert måtte han ut og tene sjølv. Fiske var det einaste ein unggut kunne take seg til med. 20 år gamal vart han partsreiar i ei lita fiskeskøyte som fekk namnet «Brandal». Med denne skuta var han blant anna skipper på finnmarksturar.

Seinare kjøpte han, saman med andre, skøyta «Minna» på ca. 56 fot i 1896.

På fisketurane til Troms og på Finnmarkskysten hadde Peter og far Severin lagt merkje til selfangsten som vart driven derifrå og lagt merkje til at desse skøyttene oftast kom til land med full last. Han hadde nøye lagt merkje til skøyttene deira og kva utstyr dei nytta.

Lysta til eventyr låg i blodet og han bestemte seg for å ruste ut «Minna» til selfangst.

I 1898 reiste han på første turen til Vesterisen. Faren, Sevrin Brandal, reiste same året med skøyta «Nils Lliaen».

Ishavsdrifta frå Sunnmøre var no starta opp, og ho utvikla seg raskt. Det vart ei av dei største næringane på Sunnmøre, og la grunnlaget for mykje framtidig rikdom, velstand og starten av andre maritime næringar.

Berre i Hareid kommune har det vore om lag 50 skuter på selfangst. Desse trengde utstyr, reperasjonar m.m og mange lokale bedrifter hadde sin gullalder som følgje av selfangsten.

Etter ei tid kom også Tjørvåg, Vartdal og Ålesund sterkt med i selfangsten.

I 1900 var Peter og broren Ole med skøyte sine, «Minna» og «Havfruen», inn til Grønlands austkyst og fanga der både kvalross, isbjørn og moskus. Landet hadde mykje å by på av dyr og pelsvare, og få år etter vart starten for ei ny næring her med overvintringsfangst.

Forutan den tradisjonelle fangsten på sel ute i isen, blei det no også fanga på kvalross, moskus og isbjørn nært ved, og delvis inne på land. Moskus og isbjørn var det også attraktivt å forsøke å ta levende for sal til zoologiske hagar. Lykka fylgjer med Peter desse åra, og han hadde som oftast full last.

I 1911 kjøpte han, saman med broren Sigvald, ei nybygd skute som fekk namnet «Brandal». Same år fekk han «Jopeter» bygd på Bolsønes verft. Skuta fikk namn etter kona Josefine, og han sjølv Peter. Dette var starten på ei rivande utvikling av den moderne selfangsten. Frå den tid slutta han å reise på ishavet sjølv.

I åra no framover utvida han stadig ishavsdrifta, både på hav og land. I 1912 bygde han moderne seloljekokeri og større sjøbuer i Brandal. No kom også den eine nye selfangstskuta etter den andre.

Peter S. Brandal gjekk i brodden for å få bygd eit av de første elektrisitetsverka i landsdistriktet, her på Brandal. Det var i 1912. Verket var på omlag 50hk likestraum.

I krigsåra, spesielt i 1916, vart det store vanskar med å få kjøpe kol til stimbåtane. Dette gjaldt både ishavsskuter og fiskebåtar. Reiarlaget var blitt svartelisa av britiske myndighéiter på grunn av handelsforbindelsar med Tyskland under krigen, og lagra av britisk kol skrumpa raskt inn.

Peter vart då klar over at han igjen måtte gå nye vegar. Løysinga vart å söke ein annan stad i Arktis, då Peter i 1916 kjøpte kolfeltet Kings Bay på Svalbard frå gruvemagnaten Chr. Ankers dødsbu.



Peter S. Brandal og Michael Knutsen på trappa utanför villaen i Brandal City.

Selskapet Kings Bay Kul Co. A/S vart stifta i desember same år og anleggsarbeidet med klargjering for drift og bygging av eit lite bysamfunn, verdas nordligaste på 79 grader nord, kalla Brandal City. Litt etter kom det ny og større kapital inn i drifta då Trygve Klausen, Michael Knutsen og Trygve Jervell, alle Ålesund, kom inn på eigarsida. Etter nokre år skifta også «byen» namn til Ny-Ålesund.

Ved sidan av gruvedrifta vart Ny-Ålesund også base for Roald Amundsens polferder med fly og luftskip i 1925 og 1926. Det voks fram eit venskap mellom Brandal og Amundsen. Amundsen var ved eit par høve i Brandal på besøk med Peter, og Amundsen fekk også låne husvære av Brandal i Ny-Ålesund, i dag kjend som Amundsen-villaen, før dei store polferdene i 1925-26. Og då Roald Amundsen kom vekk med flyet Latham i 1928, bidrog Brandal til

leiting med to av sine ishavsskuter, betalt frå sin private konto.

Peter bygde store kaier og store sjøpakkhus i Brandal. I 1912 skipa han endå eit selskap og nytt og moderne utstyr vart innkjøpt for selolje og trandamperi. Dette var starten på det som seinare vart Brandal Sildeoljefabrik, den tida den største nord for Bergen. I 1927/28 bygde han ut sildoljefabrikken som produserte sildemjøl og sildolje i 50 år framover.

Peter var ein sunn optimist og han hadde ein eineståande evne til å leie og sette i gang arbeid, og også få folk til å gjere sitt beste. Han hadde stor tillit blant investorane, som ofte var forretningsfolk frå hovudstaden.

Etter verdskrigen, i åra 1920-23 då krisa gjorde seg gjeldande med stagnasjon i all produksjon så vel på land og hav, då meinte han at ein absolutt burde drive sitt virke til tross for at drifta førde med seg tap.

Han kunne ikkje vere einig i det middelet mot arbeidsledigkeit som pessimistane sette høgst: at arbeidstida stadig skulle innskrenkast og at arbeidet skulle fordelest meir i skift og tørn. Han meinte at dette ville føre til økt stans i bedriftene og ingen nye tiltak.

Peter S. Brandal var også en mann som delte av sin rikdom. Etter gode tider under og etter første verdskrig, gav han Hareid kyrkje eit svært kyrkjeorgel i 1919. Nokre år seinare var han også ein av dei største bidragsytarane når nye kyrkjeklokker skulle på plass i same kyrkja. Han hjelpte også fram sine born og svigersøner. Fleire av dei vart også ishavsreiarar. Svigersonen Martin Karlsen bygde seinare opp eit anna av Sunnmøres største ishavsrederi; Martin Karlsen AS.

Peter S. Brandal var medlem av Ishavsrådet og i 1919 vart han utnemnt til Riddar av St.Olavs ordenen 1. klasse for sin grunnleggande innsats for ishavsnæringa.

Han døde 23 mars 1933, og vart 63 år gammal.



VS Poland Sp. z o.o.

Tlf nr 95070668

Stålkonstruksjoner - Aluminium produksjon - Konstruksjoner rustfritt stål

**- PE produksjon - skrog - seksjoner - alle type konstruksjoner - sport
/fritid - trykksaker**

Teknisk support - kjøp/salg - import/eksport - crewing

Dagbok ført av Arnt Rikardsen på Overvintring i K. Walløfjorden Sydøst-Grønland 1931 – 1932

I Ishavsmuseet si samling finnest ei dagbok frå ei overvintring i K. Walløfjorden på Sydøst-Grønland 1931 – 1932, ført i pennen av Arnt Rikardsen, Tromsø.

Arnt Rikardsen, født 6. juni 1914 var fra Ringvassøy i Nord Troms. Han kom til Brandal i ung alder og bodde hos far sin, Rikard Larsen, i «Hagerupgarden» i Brandal.

Arnt Rikardsen var en av tre menn som var sendt frå Noreg for og drive fangst i områda kring K. Walløfjord på Sydøst-Grønland.

Isflaket har valt å trykke denne dagboka som er ein fortsettelse av J. Kr. Tornøe sine dagboksnotatar og artiklar som har stått på trykk frå same ekspedisjon i tidligare utgåver av Isflaket.

Dagboka er avskreve av Jens Peder Brandal, og han har så langt som det har vore mogleg forsøkt og skreve den av ordrett.

(Del 2 av 3)

Januar 1932

Fredag den 1 Januar

Storm av S.O. med sne og 4 Kg. (kuldegrader). Nu er den første dag av et nytt år til ende, så tiden går gjennem snittlig nokså fort. Hele fjorden er nu etter ful pakket av driv is som kommer drivend norende i fra og som strøm og vind setter inn i fjørene her sør, og hvist den ikke fryser fast da tar vesten vinden den til havs i gjen elers er alt vel og bra.

Lørdag den 2 (Januar)

Frisk bris av S.S.V. med sne og 4 Kg.

Søndag den 3 (Januar)

Morten er gått til fjorden på nord siden for å se etter fangst redskaperne der.

Mandag den 4 (Januar)

Stiv kuling sydlig med sne. Mortensen er kommet i gjen men fri for rev.

Tirsdag den 5 (Januar)

Vind stille med klart vær og 10 Kg. Jeg har vert en tur oppå fjellet og sett etter rype. Fikk to stykker.

Onsdag den 6 (Januar)

Vind stille med 14 Kg. Mortensen er gått nor over i gjen og jeg har vert en tur inne i fjorden men ingen rev.

Torsdag den 7 (Januar)

Vind stille med 11 Kg. Mortensen er kommet i gjen men fri for rev.

Fredag den 8 (Januar)

Vind stille med 12 Kg.

Lørdag den 9 (Januar)

Vind stille med 11 Kg. Mortensen er gått nor over og Paul er gått sør over, i dag så jeg er alene på hovedstasjonen.

Søndag den 10 (Januar)

Storm av N.O. med 12 Kg. Mortensen og Paul er kommet tilbake i gjen men fri for rev.

Mandag den 11 (Januar)

Stormen ved varer frem deles. Har hatt 14 Kg i dag med klar Himmel.



Fra venstre: Arnt Rikkardsen, Paul Pedersen
Begge fangstmenn

Sivert Engeseth – islos, Ole Mortensen – skipper
og overvintrer og Peter Brandal jr. skipper.

Tirsdag den 12 (Januar)
Frisk bris av NO avtagende ut på kvelden 13 Kg.

Onsdag den 13 (Januar)
Svak bris av østlig med 4 Kg og over skyet. Paul og jeg var inn i fjorden i dag og så etter fellerne men de var tomme alle sammen. Men på vei ut over i gjen fant vi et reve spor som vi tok til å følge etter ut fremme lannet. Vi hadde ikke gått lenge før vi traf på reven og, men den var ikke sen om å legge i vei da. Paul trakterte den da med fire bom skud mens den lå på flukt. Men den måtte da bite i marken til slutt.

Torsdag den 14 (Januar)
Vin stille med 6 Kg. Paul er gått sør over i dag og Mortensen nor over Jeg har vert en tur ut over men fikk ikke noget.

Fredag den 15 (Januar)
Vin stille med 6 Kg. Paul og Mortensen er kommet til bake i gjen.

Lørdag den 16 (Januar)
Vin stille med klar luft og 8 Kg. I morges sette vi båten ut over isen og det gikk fint. Og når vi var kommet ut til kanten skjøt Mortensen en snadd som jeg tok med til bake i gjen til Hovedstasjonen. Mortensen og Paul rodde da ut over for å skyte fugel og se etter fellerne og var her i gjen kl 4 de hadde sett op båten utfør iskanten, og gått resten av veien. Fangsten blev to blå rev og en hvit 7 teister og en alke så det er sandelig en fin dags fangst.



Hovedstasjonen. Foto fra Tornøe.

Søndag den 17 (Januar)
Vin stille med 3 K.

Mandag den 18 (Januar)
Vin stille med 10 Kg. Jeg har tatt turen sør over til bistasjonen i dag. Gikk i fra Hovedstasjonen i morges kl 4.
Hadde riktig fint vær over fjellet med Solskin og klar Himmel. Kaffe hadde jeg på termols flasken som jeg tok fatt på når jeg var kommet halveis, for da jeg har hatt hele dagen for mig har det vert nokk av tid så jeg tok meg en sjø røik og. Men i mens kom der en rype flyvende og sette sig et stykke i frå meg som jeg sjøt, og stakk i sekken min.

Og nu har jeg sett over alle feller som er her men ikke fått noget. Sitter bare og koser mig at på en fin rype stek og en ny kokt kaffe. Smått leser avisar skjønt det er ikke dagens nyeste skal vere sant for de er helt i fra året 1930.

Har det for resten nokså koselig hær sør, fin ut sikt er det ut over havet, men det er ikke andet en en masse av store is fjell og se og dem har vi set så mye av at det er ikke noget elers er det blått så langt som øyet kan rekke.
Tenker småt på vor stor en glede det hvil bli når vi får se en båt komme op under kysten her med det Norske flag på topp.

Tirsdag den 19 (Januar)
Frisk bris av SO med sne og 8 Kg. Er kommet til bake til Hovedstasjonen i gjen, var her kl to. Paul har vert noren for i dag han sier at han har set et bjørne spor i fjorden på nord siden og at bjørne åten var op spist men bjørnen kunne han ikke se nogen steder. Mortensen sier at det er en dårlig åte og det er nåk så for han har jo behandlet mye av den før så han har nokk greie på det.

Onsdag den 20 (Januar)
Mortensen og Paul har vert i Norfjord og litt etter bjørnen i dag og Paul er kommet til bake i gjen i kvel. Men han siger at de har ikke funnet den så den

har nåkk stått det over. Jeg har bakt brød, vasket klær og kokt medag i dag.

Torsdag den 21 (Januar)

Frisk bris av ostlig med 11 Kg. Mortensen er kommet i gjen i dag men han var fri. Og jeg har vert inn over men fikk heller ikke någet.

Fredag den 22 (Januar)

Svak bris av S.O. med 13 Kg. Paul og jeg er på bistasjonen her sør i dag vi har nu set etter alle feller men det var ikke noget kun nogen som var ner revet av vinnen.

Har gjort oss klar til å gå til bake i morgen skal også forsøke å gå ut over fjellet for å gå ut over fjellet for å se om vi kan komme til nogen feller som står på sør siden av K Walløfjorden.

Lørdag den 23 (Januar)

Frisk bris av ostlig med 13 Kg. Været var fint i morges derfor startitt vi i fra bistasjonen i morges kl ni. For vi hviste jo at veien va lang og urlent, men at den var så god som den var hadde vi ikke trud.

Da vi var kommet så langt at vi svingte av veien for å gå ut over fjellet var det ikke annet en den ene bakke op og den andre ner hele veien utover. Og enkelte steder var det skare som var så har at det var omulig å trå i gjennem den så vi måtte slå hull med staven for vert skritt for ikke at ramle ner når vi var kommet et stykke op i bakkerne.

Så vi var mang gang tenkt på å snu til bak i gjen. Men vi kom oss da ut over dit fellerne stod og skulde da ta oss en kaffe og en brøskive. Men da vi tok flasken op av sekken viste det sig at den var smadret i små biter og de stakers brød skiverne vores var var bare smulerne i gjen av som lå og fløt blant kaffen ned i sekken.

Så det var nettopp ikke nogen gledelig opdagelse for vi var både tørst og sulten og vann var det ikke å få tak i nogen steder. Men det var ikke noget å gjøre med det vi måtte bare ta til å krype til bake i gjen.

Det gikk da ganske bra til vi var kommet dit vi hadde lakt et jiver og en ryggsekk i frå oss. Og da hadde vi bare en bakke i gjen for at vi fikk begynne ner stigningen til K Walløfjorden men det var også både den lengste og verste så det blev ofte hviling.

Så da vi kom til Hovedstasjonen her i syv tiden var vi vel ut kjørt, for vi hadde jo ikke smakt mat eller drikke hele dagen. Men selv om vi var både sultene og trett skulde jeg ikke ha sakt noget, hvist vi bare har født en rev men det fikk vi ikke. Så det er sandelig mogt løst å gå tur efter tur og ikke få noget og så i et sånt tereng som her.

Søndag den 24 (Januar)

Svak bris av N.V. med 8 Kg.

Mandag den 25 (Januar)

Storm av N.O. med sne og kov og 4 Kg. Jeg var en tus opp i bakken og skjøt en rype i dag, det er all ut flukten som er gjort i dag.

Stormen er øket nu ut på kvelden så hvist vi stikker nesen ut for døra bliver vi møt av et vinn gufs og en sne masse som holder på å ta pusten i fra oss.

Tirsdag den 26 (Januar)

Vinn stille med opklarende Himmel og 4 K.g.

Onsdag den 27. (Januar)

Frisk bris av N.O. med 10 Kg.



Revefangst i klappfelle.

Torsdag den 28. (Januar)

Frisk bris av N.O. men ikke frost. Har tatt turen sør over i gjen i dag. Har nu reist op alle fellerne for de var ner blåst av stormen og mat pinner og lår var vekke alt sammen så når man går ut på tur må man ha et helt lager med lår og mat pinner med sig.

Men det kan nu så være for jeg har fått en hvit rev og det er den første som vi har fått her sør siden vi begynte å fangste.

Fredag den 29. (januar)

Svak bris av SS.V 3 Kg. med sne sklætt og skådde. Kom til bake i gjen i dag men var både svet og våt da.

Lørdag den 30. (Januar)

Svak bris av Sydlig med snesklat. Paul er gått nor over i dag.

Søndag, den 31. (Januar)

Kuling av S.V. med sne hele dagen så det har lagt ner nokså mye sne nu. Paul er kommet i gjen, men har ikke fått noget.

Den første Februar 1932

Mandag den 1 Februar.

Frisk bris av N.V. med 2 Vg. og regn hele dagen.

Tirsdag den 2. (februar)

Dagen begynte med vinstille og klart vær med 4 Kg. Paul tok til i morges å gå innover fjorden for og se etter fangstredskaperne der.

Og Ole Mortensen tok en liten sne spade og gjevær med, rygg sekk og en stav med en stor krok i enden, og gikk ut til båten som ikke er så svert langet her i fra.

Da det var gått en liten stun tok jeg kikerten og gikk ut for å se. Da så jeg Mortensen ligge og krype etter en sel ut på isen. Jeg holdt han da i øie for å se hvordan de gikk om han fikk den eller ikke men for at han kom på skud hold av den jumpett den ner.

Mortensen reiste sig da op og tok til å gå ut over fjorden etter isen. Jeg holdt han da i øie hele tiden til at han gikk i sjul for et ness som er et gått stykke ut over.

Og da var det ikke mer for mig å se så jeg gikk inn i gjen for å koke midag. En liten stun etter tok det til at sne nokk så mye. Og da hvor kl om kring 11.

Men da kl. var omkring halv ett gikk jeg ut en tur, var kommet ut for døren syntes jeg å høre et rop. Jeg ante straks at det kunde vere noget og stak inn etter gjeeværet mitt og skjøt et skud. La så på sprang ut over der jeg syntes å høre lyden komme i fra.

Men da det var så tett med sne kov da at jeg ikke kunde se mer en nogen få meter frem for mig var det ikke godt og lete etter noget, men jeg var da så langt som jeg trodde et menneske rop kunde høres.

Stoppet da op og ropte en par ganger, men fikk ikke noget svar heller ikke kunde jeg høre noget. Så jeg begynte da at tvile på at det kunde vere nogen fare på ferde.

For hvist at Mortensen hadde tatt turen ut over dit fellerne står skulde han ikke vere her for kl tre eller der om kring. Og derfor uten er det jo mange lyder å høre av isen også når det er litt døning som det har vert i dag.

Så jeg begynte da at tvile på at det var noget rop jeg hadde hørt og at det var nogen fare på ferde. Og snudde da om i gjen for å gå til Hovedstasjonen.

Da jeg var kommet til Hovedstasjonen var klokken om kring to. Sam tidig kom Paul til bakes i gjen.

Jeg ventitt da til han var kommet og spurte han om han hadde hørt noget rop eler ropt nogen gang in på isen men det hadde han ikke. Så fortalte jeg han da om hva jeg syntes og hadde hørt. Vi tok da strak til å gå ut over igjen.

For vi følte oss ikke trygg for det kunde jo lett tenkes at det var skjedd en ulykke.

Vi var da så langt ut som vi kunde komme for isen men da den begynte at bli så dårlig at Paul gikk i gjennem med begge føtterne og har så ner gått helt neri hvist han ikke har lakt sig over på siden.

Så skulde vi lenger ut måtte vi over fjellet og det var ikke greit for det er så bratt der ute at det er omulig å bestige det når det ligger skare under sne en. Og så var det begynt å mørkne også og luften var fremdeles sne tykk.

Så om at der var en ski eler en stav etter Mortensen oppå isen så hvor det oversned for lenge siden.

Og lifs farlig er det å gå på isen som ligger der ute i fjorden, for det er jo ikke lenge siden vi så åpent van mange steder der og nu som det har sned er de ful av sørpe så det er omulig og se.

Så hvist man er uheldig og treffer på et svart hul kan man gå sig bort i det uten selv at vite det. Og

slik kan det jo tenkes at Mortensen har gjort. Vi snudde da og gikk tilbake til Hovedstasjonen i gjen og var her klokken 7. Men her hadde ingen vert siden vi gikk. Og at Mortensen er gått syd over eller nor over er utrolig for han har verken skinluen eller klokken med sig som han bestandig bruker å ha med seg når han er på lengere tur.

Så alt håp er nåkk ute for at han er i livet mer.

Onsdag den 3. (Februar)

Har vert sne sklætt og regn med storm av Ostlig av verste slag i hele dag. Så det har vert en trasig dag det skal vere sant.

